



Sunnfjord
kommune



Økonomiplan 2022 - 2025

Sunnfjord kommune

Ajourført i samsvar med kommunestyrevedtak 073/21



Sunnfjord
kommune

Innhold

Kommunedirektøren si innleiing	3
1 Visjon, verdiar og målsettingar for økonomiplanen	5
1.1 Visjon og verdiar	5
1.2 Målsettingar i økonomiplanen	5
1.2 Klimaomstilling i Sunnfjord kommune	7
1.3 Digitaliseringsstrategi - handlingsplan.....	9
2 Demografi	10
3 Økonomisk utvikling i planperioden	12
3.1 Handlingsreglar.....	12
3.2 Økonomiske framskrivingar i økonomiplanen	15
3.3 Konsekvensjustert økonomiplan 2022 - 2025	18
4 Drift	20
4.1 Stab og støtte	20
4.2 Skule	22
4.3 Barnehage.....	24
4.4 Helse og sosial	27
4.5 Omsorg.....	32
4.6 Kultur og idrett	35
4.7 Teknisk og miljø.....	39
4.8 Prioriterte driftstiltak - Oppsummert.....	42
5 Investeringar	43
5.1 Investeringsbehov og planar for kommunen	43
5.2 Finansiering	43
5.3 Prosjektomtale.....	45
Vedlegg.....	51

Kommunedirektøren si innleiing

Økonomiplan 2022-2025 er utarbeidd etter same mal som førre økonomiplan 2021 – 2024. Når kommuneplanen sin samfunnsdel for Sunnfjord kommune vert vedteken hausten 2021 vil den danne grunnlag for ein ny mal for økonomi- og handlingsplan 2023 – 2026.

Årsrekneskapen for 2020 vart gjort opp med eit meirforbruk i drifta på 17 mill. kroner. Dette reduserte netto driftsresultat frå 30 mill. kroner til 13 mill. kroner.

Økonomirapport pr. mars 2021 viser eit anslått meirforbruk i drifta i 2021 på 18 mill. kroner. Fleire av behova som er omtalt i økonomiplan 2022 – 2025 har samanheng med meirforbruk i drifta.

Det er i økonomiplan 2022 – 2025 lagt til grunn ei forventning om folketalsvekst i Sunnfjord kommune på same nivå som landet, dvs 0,5 %. I 2020 gjekk folketallet i kommunen ned med 10 personar til 20.020 innbyggjarar pr. 31.12.2020. I 1. kvartal 2021 er det positiv folketalsvekst og det er stort fokus på tiltak for å få folketalsvekst gjennom både kommuneplanen sin samfunnsdel og arbeid med rekruttering.

Dei demografiske framskrivingane viser nedgang til tal barn i barnehage og skule og stor auke i tal eldre over 80 år. Pr. i dag er mykje av meirforbruket i drifta innan omsorg. Det er nødvendig å setje i gong eit omstillingsarbeid for at omsorgssektoren skal kunne møte den demografiske veksten på ein forsvarleg måte både fagleg, økonomisk og med ressursar og kompetanse.

Tidlegare vedteken målsetjing om effektiviserings- og innsparingstiltak på totalt 53 mill. kroner er vidareført i økonomiplan 2022 – 2025, men det er forskyving i tidspunkt for effekt av nokre tiltak.

Kommunar med sunn og berekraftig økonomi er kjenneteikna med netto driftsresultat på 1,75 %, netto lånegjeld på 50 % og disposisjonsfond på 10 % av brutto driftsinntekter. Handlingsreglar for Sunnfjord kommune i planperioden er netto driftsresultat på 2 %, netto lånegjeld på 90 % og disposisjonsfond på 5 %

Økonomiplanen har to hovudfokusområde:

- Det er prioritert driftstiltak innan handlingsrommet i økonomiplanen. Handlingsrommet er avgrensa og inntektsutviklinga er usikker. Likevel er det prioritert tiltak innanfor fleire sektorar. Tiltak markert med grønt er finansiert innanfor handlingsrommet. I tillegg er det prioritert tiltak dersom handlingsrommet skulle vise seg å bli større.
- Det er prioritert investeringar innanfor handlingsregelen om at lånegjelda ikkje skal auke, med unntak av kjøp av Hafstad vidaregåande skule.

Oppdatert økonomianalyse av Sunnfjord kommune basert på rekneskapstal for 2020 viser at Sunnfjord kommune har eit potensiale for effektivisering- og innsparing på 102,5 mill. kroner samanlikna med Kostra-gruppe 9. Årleg driftsbudsjett for Sunnfjord kommune er 2 mrd. kroner. Det er nødvendig å arbeide systematisk med omstillingsarbeid for å løyse nye behov innanfor eksisterande økonomiske rammer. I første omgang må omsorgssektoren prioriterast. Kapasitet til å dette omstillingsarbeidet må vurderast fram til årsbudsjett 2022.

Sunnfjord, 26.05.2021

Ole John Østenstad

Kommunedirektør Sunnfjord kommune

Kommunestyre sak 073/21 vedtak:

Økonomiplan for perioden 2022 – 2025, dagsett 26.05.2021, for Sunnfjord kommune vert godkjent, med følgande endringar og tillegg:

1. Prioritet nr. 1 i driftstiltak – styrking av bemanning innan heime- og omsorgstenestene vert auka med 1,0 mill. kroner i 2022. Vidare opptrapping skjer i samsvar med økonomiplanen.
2. Prioritet nr. 19 i driftstiltak til delfinansiering av lærlingar vert lagt inn med 0,5 mill. kroner i 2022.
3. Prioritet nr. 29 i driftstiltak til kontinuerlig barnehageopptak vert lagt inn med 0,5 mill. kroner i 2022.
4. Kommunestyret aukar bevilgninga til ENØK for 2022 med 0,5 mill.
5. Midlar til vegvedlikehald vert auka opp med 0,3 mill. kroner årleg til for å imøtekomme noverande og framtidige krav til vektklasse-problematikk.
6. Kyrkja får redusert nedskjering i løyving til drift med kr 270 000 i 2022.
7. Auka driftsutgifter på 3.07 mill. kroner vert dekkja inn ved auka utbytte/andre inntekter.

8. Kommunestyret viser til pkt. 5 i vedtak av Årsbudsjett 2021 den 10.12.20 om evaluering av den politiske organiseringa og reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår innan utgangen av fyrste halvår. Kommunestyret føreset at dette arbeidet no vert gjort og at målet framleis er å redusere kostnadene knytt til godtgjersle for politisk arbeid.
9. Kommunen skal kartlegge bygningsmasse kommunen ikke treng, og som kan seljast, med føremål å redusere vedlikehald og bygningsmasse. Det bør gjennomførast sal av bygningsmasse til ein verdi på minimum kr. 5 mill i løpet av 2022. Inntektene frå sala skal gå til auka vedlikehald av resterande bygningsmasse etter plan for vedlikehald.
10. Kommunen skal gjere ei vurdering av trongen for hurtigladarar i tettstadane. Ein må søkje midlar frå relevante støtteordningar hos t.d. Vestland fylke og kome attende til formannskapet med ei sak om framdrift og midlar til eigenandel.
11. I samband med mobilitetsstrategien og trafikktryggingssplanen må vi få ei god oversikt over trongen for gang- og sykkelegar i og rundt tettstadane der barn og unge ferdast langs vegen. Kommunestyret reknar med at ein søker midlar hjå fylkeskommunen og andre aktørar der det er mogleg.
12. For å sikre god politisk involvering skal behandlinga av klimabudsjett og tiltaka knytt til klimaomstillingsplan ta til tidleg i haust, helst i septembermøta.
13. Kommunestyret ber om ein gjennomgang av innretninga på byggesaksgebyra og nivået på gebyra samanlikna med andre kommunar.
14. Sunnfjord kommune profilerer seg som vertskapskommune for store nasjonale og internasjonale arrangement. Det er mellom anna planer om VM i vektløfting i 2025. Kommunestyret er positive til å vurdere søknad om villighetserklæring i samband med ein eventuell VM-søknad.
15. Kommunestyret er glade for at det er lagt inn 3,5 mill. kroner i økonomiplanen til styrking av PPT-tenestene. Vi ønskjer å sjå effektane av styrkinga før vi eventuelt vedtek ein ytterlegare auke.

1 Visjon, verdier og målsettingar for økonomiplanen

1.1 Visjon og verdier

Visjonen til Sunnfjord kommune er: **Saman blir vi drivande gode**

Verdiar: Vi er *EIN*

Engasjert

- Ein engasjert kommune er ein kommune som til ei kvar tid veit at dei jobbar for innbyggerane.
- Kommunen bryr seg om menneske, bygg, natur og kommunen si framtid, er handlekraftige og har god driv framover.
- Den engasjerte kommunen er bygd på kompetente, kunnskapsrike og framtidsretta menneske, som vil kommunen sitt beste, og som står på for å hjelpe og yte service.

Inkluderande

- Ein inkluderande kommune er ein raus og open kommune med tilsette som møter alle med respekt.
- Kommunen ser alle, og søker å møte alle sine behov på ein open og imøtekommande måte.
- Kommunen er samlande for alle som arbeider der.

Nær

- Ein nær kommune er ein kommune du har tillit til. Ein nær kommune kjenner innbyggerane sine og tar dei på alvor.
- Innbyggerane kjenner seg trygge i møte med kommunen, og dei veit at dei som arbeider der er til å stole på.
- I kommunen jobbar ein tett med kvarandre – og tett på innbyggerane.

1.2 Målsettingar i økonomiplanen

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen sin utvikling. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen vert utarbeidd for ein periode på 12 år og vert revidert kvart fjerde år.

Vi har starta arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen for Sunnfjord kommune. Arealdelen av kommuneplanen vil ha oppstart etter at samfunnsdelen er vedteken hausten 2021.

Normalt vil økonomiplanen innehalde ein handlingsplan som konkretiserer korleis kommuneplanen skal følgjast opp dei neste 4 åra, og der økonomiplanen viser korleis kommunen skal bruke sine ressursar for å nå måla.

Målsettingane i økonomiplan 2022-2025 byggjer i staden på intensjonsavtalen, kommunen sine visjonar og verdier og FN sine bærekraftsmål.

1.2.1 Intensjonsavtalen

Mål

- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggerane
- Vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane

Delmål

- Skipe ein livskraftig og attraktiv kommune som sikrar god folketalsvekst
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skapa attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Bygge ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø

1.2.2 FN sine bærekraftsmål

FN sine bærekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane.




1.2 Klimaomstilling i Sunnfjord kommune

Global oppvarming trugar livsgrunnlaget vårt, og gir auka risiko for konsekvensar for økosystem, menneske og samfunn over heile verda. Dette er globale utfordringar, som må løysast lokalt. Gjennom Paris-avtalen har Norge forplikta seg til å bidra til å halde den globale oppvarminga under to gradar, og helst under 1,5 gradar. Gjennom klimaavtalen med EU har Norge forplikta seg til 50-55 prosent kutt i klimagassar innan 2030. Sunnfjord kommune sin klimaomstillingsplan for 2019-2030 har eit mål om å redusere klimagassutsleppa med minst 40 % innan 2030 i forhold til 1990.


Kommunedirektøren tilrår å innføre eit klimabudsjett i årsbudsjett 2022.

Alle perspektiv for utslepp er inkludert, jamfør illustrasjon nedanfor. Utkast til klimabudsjett er utgreidd i ein eige vedlegg. Utkastet er til informasjon i økonomiplanen, og skal først vedtakast i samband med handsaming av årsbudsjettet for 2022.



Tiltaka i klimabudsjettet erstattar handlingsprogrammet for klimaomstilling 2019-2022 og skal gjennomførast i økonomiplanperioden 2022-2025. Framdrift og tiltakslista skal evaluerast og reviderast årleg som ein del av årshjulet.

Dei største direkte utsleppa av klimagassar i Sunnfjord kommune kjem frå transport og jordbruk. Vegtrafikken er den største utsleppskjelda, der tungtransport og personbilar utgjør hovudandelen. Metan frå husdyr er den største kjelda i jordbruket. Dei indirekte utsleppa av klimagassar er fleire gonger større enn dei direkte. Indirekte utslepp oppstår utanfor kommunegrensa, og kjem frå ei rekke ulike kjelder slik som material, mat, elektrisitet, flyreiser og forbruksvarer. Det er i dag berre statistikk for dei direkte utsleppa som er gode nok til å vise årlege endringar i utsleppa. Mål om utsleppskutt blir difor knytt til dette perspektivet. Mål for andre perspektiv blir formulert som konkrete endringar i aktivitet, og evaluert gjennom indikatorar og annan tilgjengeleg statistikk.



Klimabudsjettet er utarbeidd etter top-bottom-prinsippet. I denne omgangen legg vi inn dei nødvendige utsleppskutta for å følgje tiltaksbana fram mot 2030. Vi har for lite grunnlag for å rekne nøyaktig på effekten av kvart enkelttiltak. Dette kan vi få til etter kvart som vi får fleire reknemalar og meir erfaring med korleis vi ligg an i høve til budsjetterte utslepp. Klimarekneskap for 2020 er ikkje utarbeidd av Miljødirektoratet endå. Klimabudsjettet har difor ein føresetnad om at utsleppa i 2020 og 2021 følgjer ei linær utvikling, med same kutt som vi har budsjettert med dei neste åra.

Reduksjon i tonn CO ₂ -ekv.	R 2019*	B 2021	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025
Direkte utslepp	8 300	5 400	5 400	5 400	5 400	5 400
Kommunen si verksemd	Ikkje kvantifisert (inngår i direkte utslepp og kommunen som samfunn)					
Kommunen som samfunn	Ikkje kvantifisert (ventar på tal frå prosjektet Folkets Fotavtrykk)					
Skog og annan arealbruk	Ikkje kvantifisert (ventar på statistikk for 2020)					

* Utsleppsstatistikk frå 2019 er siste tilgjengelege frå Miljødirektoratet.

1.3 Digitaliseringsstrategi - handlingsplan

Kommunestyret vedtok i KST-015/21 digitaliseringsstrategi for Sunnfjord kommune:

Digitaliseringsstrategi 2021 – 2024 for Sunnfjord kommune vert vedteken slik den ligg føre, med følgjande tillegg: Sunnfjord kommune skal styrke samarbeid med næringslivet og utdanningsinstitusjonene på digitaliseringsområde, for å oppnå bedre og meir effektive tenester og legge til rette for innovasjon og verdiskaping lokalt. Administrasjonen skal legge fram ein handlingsplan med konkretisering av tiltak som støttar opp under digitaliseringsstrategien, før oppstart økonomiplan/ budsjettarbeid 2021.

Arbeidet med handlingsplanen er starta, og dei ulike tenesteområda vert involvert i arbeidet med konkretisering og prioritering av tiltak. I handlingsplanen vert tiltaka gruppert innanfor dei fem satsingsområda i digitaliseringsstrategien:

- Brukaren i sentrum
- IKT som innsatsfaktor for innovasjon og produktivitet
- Styrka digital kompetanse og deltaking
- Effektiv digitalisering
- Personvern, informasjonstryggleik og dokumentasjonsforvaltning

Handlingsplanen vert del av grunnlaget for prioriteringar i budsjett.

2 Demografi

Både inntektsutvikling og utgiftsbehovet til ein kommune er nært knytt til utvikling og samansetting i befolkninga. Analyse av befolkningsstatistikk og framskrivingar frå SSB kan gi ein indikasjon på kva sektorar som kommunen kan vente seg dei største utfordringane i i åra framover.

Ved inngangen av 2021 hadde Sunnfjord kommune 22 020 innbyggjarar. Ved middels nasjonal vekst (MMMM) vil vi i framskrivinga ha 22 427 innbyggjarar i 2050. Den prosentvise folketalsveksten i Sunnfjord kommune er anslått til 2,0 % medan folketalsveksten samla i landet er anslått til 8,6 % totalt fram til 2050. Ein lågare vekst enn landet vil gje utslag på dei forventa inntektene til kommunen.


Sunnfjord kommune har i inntektsutviklinga i økonomiplan 2022 - 2025 lagt til grunn ein folketalsvekst på same nivå som landet, dvs. 0,5 % årleg. Siste 4 åra har Sunnfjord kommune hatt ein folketalsvekst på 0,2 % årleg. Framskrivningar frå SSB tilseier 0,01 % årleg vekst i perioden 2022 – 2025 for Sunnfjord kommune. Det er derfor ei noko optimistisk folketalsutvikling vi legg til grunn. Kommunedirektøren meiner dette kan forsvarest ut frå at kommunen har gode føresetnader for vekst og utvikling.

Det er stor usikkerheit om utvikling i folketalet. Prognose frå SSB er frå juni 2020 (tala blir publisert annakvart år). Låg innvandring og låge fødselstal kan tyde på lågare folketalsvekst både nasjonalt, regionalt og lokalt ved oppdaterte prognoser.

I Sunnfjord kommune kan ein forvente ein kraftig vekst innan pleie- og omsorgssektoren fram mot 2050. I same periode er det forventa ein nedgang i utgiftsbehov innan tenester som barnehage og skule.

I dei påfølgjande figurane er utviklinga vist som indeksar der tal innbyggjarar ved inngangen av 2021 = 100 %. Det betyr at figurane gir uttrykk for endringar i det demografiske behovet samanlikna med 2020.

Figur 3.2 Utvikling i folketall for barn og unge (prosent)




Figur 3.3 Utvikling i folketall for yrkesaktive og eldre (prosent)

Aldersgruppe

Befolkningsutvikling (MMMM)

Flere valg

● 23-66 år ● 67-79 år ● 80-89 år ● 90 år eller eldre



Folketalsveksten fram mot 2050, skuldast i liten grad auke i tilflytting eller fødselsrate, men i hovusak at innbyggjarane vi har lever lengre.

I 2037 kan det i Sunnfjord være dobbelt så mange personar over 80 år som det er i dag. Vekseten vil i hovudsak komme i Førde sentrum, Slåtten, Flatene og Naustdal sentrum.

Tabellen under er eit anslag på kva demografikostnadane vil utgjere i 2021-kroner. Meir- (+) og mindregifter (-) som følgje av befolkningsendringa er fordelt på dei ulike sektorane.

Figur 3.4 Merutgifter som følge av befolkningsendringer

År

Tjeneste

Demografikostnader, utvikling i mill. kroner (MMMM)

Flere valg

Alle

Tjeneste	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2030	2035	2040	2045	2050
Barnehage	26	16	8	8	0	-2	-4	-8	-10	-14	-9	-4	-8	-15
Barnevern	2	2	1	1	0	-1	-2	-3	-3	-5	-8	-8	-8	-9
Grunnskole	3	11	9	5	0	-6	-13	-20	-26	-57	-71	-69	-62	-61
Helse	-2	-1	-1	-1	0	0	1	1	2	5	7	10	11	12
Pleie og omsorg	-36	-25	-14	-8	0	3	9	14	30	120	220	335	423	490
Sosial	1	0	0	0	0	0	-1	-1	-1	-1	-3	-5	-6	-6
Sum tjenester	-8	2	4	6	0	-6	-9	-16	-9	47	137	260	350	410

* Utvikling i mill. kroner. 2021 = 0.

Den samla konstadsveksten frå 2021 til 2050 er anslått til 410 mill. kroner i kommunen, dersom ein legg til grunn uendra standard, produktivitet og dekningsgrad, i tillegg til konstante gjennomsnittskostnader.


3 Økonomisk utvikling i planperioden

3.1 Handlingsreglar

Kommunar med sunn og berekraftig økonomi, og stort handlingsrom, er kjenneteikna ved netto driftsresultat (overskot) på minimum 1,75 %, netto lånegjeld på 50 % og disposisjonsfond på 10 % av brutto driftsinntekter.

Etter ny kommunelov er kommunane pliktig å vedta handlingsreglar for definerte nøkkeltal.


3.1.1 Netto driftsresultat i % av driftsinntekter



Netto driftsresultat er budsjettert med 38,7 mill. kroner i 2022, aukande til 46,3 mill. kroner i 2025. Betre driftsresultat er ein føresetnad for å redusere gjeldsnivået og bygge opp disposisjonsfondet, som igjen vil styrke det økonomiske handlingsrommet i kommunen.

Ein legg difor opp til ei gradvis opptrapping av målet i handlingsregelen, aukande frå 1,75 % i 2022 til 2,0 % frå 2023. Men anslaga for driftsinntekter er usikre, spesielt inntekter knytt til tilskot og fødsels- og sjukelønsrefusjonar og anslaga for pris- og lønsvekst.


3.1.2 Disposisjonsfond i % av driftsinntekter



Disposisjonsfondet utgjorde 96,4 mill. kroner ved utgangen av 2020, redusert til 94,9 mill. kroner i 2025. Det er under anbefalt nivå (10 %), under handlingsregelen (5 %) og lågare enn KOSTRA-gruppe 9¹. Det må sjåast i samanheng med gjeldsgraden, og at ein i planperioden legg opp til noko høgare bruk enn avsetnad frå fondet. Den auka bruken knyter seg til forskotering av spelemidlar og eingongsløyvingar til breiband og mobil med 1,0 mill. kroner årleg.

¹ Sunnfjord kommune låg til KOSTRA-gruppe 13 fram til 2019. Frå 2020 er Sunnfjord flytta til KOSTRA-gruppe 9. i grafane er KOSTRA 9 å forstå som ei samanstilling av gruppe 13 (fram tom 2019) og gruppe 9 frå 2020 og ut planperioden.

3.1.3 Netto lånegjeld i % av driftsinntekter



Handlingsregelen seier at nye låneopptak (utanom Husbanklån) ikkje skal overstige avdragsutgiftene. Vekst i driftsinntekter vil då medføre at netto lånegjeld i % vil synke over tid. Vidare har handlingsregelen som mål at den langsitige gjelda ikkje skal overstige 90 %¹.

I økonomiplanen legg ein opp til lånegjeld over anbefalt nivå, men på høgde med KOSTRA-gruppe 9.

Gjeldsgraden aukar likevel i 2021 og i 2023. Det er to årsaker til dette, som begge er ekstraordinære. For det første vart det overørt 16 mill. kroner mindre frå drift til investering i 2020. Når investeringsnivået forblir uendra, vil låneopptaket gå opp ettersom eigenkapitalfinansiering til investeringar går ned.

For det andre er det planlagt kjøp av Hafstad vidaregåande skule, ei investering budsjettert til 100 mill. kroner. Begge føringane går utover det handlingsregelen gir rom for. Dette gir ein høgare gjeldsgrad frå 2021 og ein ytterlegare auke i 2023, til tross for at ein held seg innanfor handlingsregelen i åra før og etter.

Netto lånegjeld utgjer 2,107 mrd. kroner i 2022, aukande til 2,207 mrd. kroner i 2023 og ut planperioden.

¹ Vedtekte handlingsregel (2019) om langsiktig gjeld under 130 % av driftsinntekter er ikkje samanliknbar med KOSTRA. Langsiktig gjeld, slik det vart definert i saka, gir ein for høg teller, mendant driftsinntektene, slik det vart definert i saka, gir ein for låg nevner. Feil brøk gir for høg gjeldsgrad i %. I ny berekning (2020) er KOSTRA sin berekningsmetode lagt til grunn. Altså: Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter. Teller = langsiktig gjeld ekskl. Pensjonsforpliktingar, fråtrukke totale utlån (fomridlingslån) og unytta lån. Henta får balanserekneskapet. Nevner = Brutto driftsinntekter. Gjeldsgrada i % av inntekter er gått ned som følgje av ny berekning. Handlingsregelen er administrativt justert for ny berekningsmetode, først til 100 % i ØP frå 2021, så til 90 % i ØP frå 2022.

3.2 Økonomiske framskrivingar i økonomiplanen

3.2.1 Rammetilskot og skatteinntekter

Revidert nasjonalbudsjett 2021:

- Skatteanslaget er oppjustert med 2,7 mrd. kroner. Etersom rammene for frie inntekter for 2022 tar utgangspunkt i RNB nivået for 2021 får denne oppjusteringen av skatteinntektene varig effekt.
- Anslaget for årslønnsveksten i 2021 er oppjustert fra 2,2 prosent til 2,7 prosent. Samtidig justeres anslaget for prisveksten ned fra 3,5 til 2,8 prosent, slik at anslaget for den kommunale deflatoren i 2021 er uendret på 2,7 prosent.
- Økning i rammetilskuddet med 3,36 mrd. kroner relatert til kommunenes håndtering av koronapandemien. I tillegg foreslås det økninger i flere øremerkede overføringer til kommunene.

Kommuneproposisjon 2022:

- For 2022 signaliserer regjeringen at kommunene vil få en realvekst på 1,6 – 2,0 mrd. kroner, regnet ut fra nivået på de frie inntektene i RNB. Av realveksten i 2022 er 0,6 mrd. kroner relatert til økte utgifter som følge av befolkningsendringer (demografisk kompensasjon), mens anslagsvis om lag 0,5 mrd. kroner vil kompensere for vekst i pensjonskostnadene utover lønns- og prisvekst (deflator).
- Regjeringen varsler at barnevernsreformen innføres fra 1. januar 2022. Reformen innebærer et mer helhetlig barnevernsansvar og dermed også økte utgifter for kommunene. I kommuneproposisjonen anslås merutgiftene for kommunene i 2022 til 1,6 mrd. kroner, og det varsles at kommunene skal kompenseres for dette over rammetilskuddet. For 2022 legger regjeringen opp til at halvparten av kompensasjonen gjennom rammetilskuddet fordeles særskilt (tabell C) basert på faktisk tiltaksbruk i 2020, mens den andre halvparten vil innlemmes etter delkostnadsnøkkelen for barnevern. Barnevernsreformens påvirkning av de frie inntektene kommer derfor i tillegg til de anslagene som ligger i dagens modell.
- I tilknytning til barnevernsreformen foreslår regjeringen at øremerket bevilgning til stillinger i det kommunale barnevernet (statsbudsjettet kap. 854, post 60) utvikles og bevilgning på 820 mill. kroner innlemmes i rammetilskuddet. Dette forslaget er innarbeidet i modellen.
- Gjenstående bevilgning i tabell C vedr. lærernorm/tidlig innsats er innlemmet i det ordinære rammetilskuddet ved bruk av delkostnadsnøkkelen for grunnskole fra og med 2022.

Sunnfjord kommune:

- I revidert nasjonalbudsjett for 2021 er Sunnfjord kommune tilført:
 - 4,1 mill. kroner til kompensasjon for kostnad til Covid-19 2. halvår
 - 2,0 mill. kroner til kompensasjon for koronavaksinasjon
 - 3,1 mill. kroner til kompensasjon for vaksinasjonskostnader 2. halvår
 - 0,315 mill. kroner til kompensasjon for auka basistilskot fastlegar
 - 4,9 mill. kroner i auka skatteinntekter
- I økonomiplanperioden 2022 – 2025 er det lagt til grunn:
 - Folketalsvekst på nivå med landet dvs. 0,5 % årleg
 - Årleg realvekst i rammetilskot på 1,2 mrd. kroner samla for landet
 - Vidareføring av ordinært skjønn på same nivå som i 2021 dvs. 12,1 mill. kroner
 - Kompensasjon for tapt inntektsutjamnande tilskot med 6,2 mill. kroner

- Konsekvens av barnevernsreform og lærarnorm/tidleg innsats må avklarast i årsbudsjettet for 2022

(tal i 1000 kr)	R 2020	B 2021	RB 2021	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025
Rammetilskot	- 730 203	- 697 145	- 699 100	- 712 298	- 715 117	- 721 436	- 726 541
Auke rammetilskot Covid-19	- 27 549	- 19 058	- 28 296				
Kompensasjon tap inntektsutjamning	- 4 000	- 6 200	- 6 200	- 6 200	- 6 200	- 6 200	- 6 200
Skatteinntekter	- 636 554	- 707 147	- 712 004	- 708 705	- 708 705	- 708 705	- 708 705
Sum rammetilskot og skatteinntekter	- 1 398 306	- 1 429 550	- 1 445 600	- 1 427 203	- 1 430 022	- 1 436 341	- 1 441 446

3.2.2 Eigedomsskatt

Budsjettert nivå for samla eigedomsskatteinntekter for år 2021 er 78,3 millionar kroner, pluss 4,3 millionar kroner for inndecking av utgifter til eigedomsskatteprosjektet. Finansiering av eigedomsskatteprosjektet har ein eingongseffekt med høgare eigedomsskatteinntekter i 2021.

Det er i økonomiplanen ikkje lagt opp til endringar utover å fjerne finansiering av retakseringa gjort i revidert budsjett 2021.

(tal i 1000 kr)	R 2020	B 2021	RB 2021	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025
Eigedomsskatt	- 73 477	- 78 300	- 82 600	- 78 300	- 78 300	- 78 300	- 78 300

3.2.3 Tilskot

Integreringstilskot (flyktingar)

Flyktingtilskot blir tildelt kommunane som buset flyktingar etter avtale med Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI), og baserer seg på kommunen sin plikt til å tilby heiltid og heilårleg introduksjonsprogram.

Kommunane får integreringstilskot som generelt statstilskot for kvar flykting/asylsøkjjar kommunen tek i mot. Tilskotet pr. flykting er høgast andre året og vert så gradvis trappa ned over ein perioden på 5 år. Utover integreringstilskotet får kommunen tilskot til norskopplæring, tilskot for flyktingar med nedsett funksjonsevne og bustønad.

I 2020 vart busetjinga av flyktingar påverka av covid-19, og det vart busett totalt 9 flykningar i Sunnfjord kommune. Flyktingtilskotet til kommunen vart 21 mill. kroner lågare enn budsjettert i 2020. Budsjett 2021 føreset at Sunnfjord skal busetje 32 flykningar i 2021. I tillegg er det sett i verk innsparingar tilsvarende 10 mill. kroner. Dette er vidareført i planperioden.

(tal i 1000 kr)	R 2020	B 2021	RB 2021	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025
Tal busettingar	9	32	32	32	32	32	32
Integreringstilskot	- 30 897	- 42 100	- 42 100	- 42 100	- 42 100	- 42 100	- 42 100

Toppfinansiering

Alle kommunar, som yter særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester til enkeltmottakarar, kan søke om delvis refusjon av direkte lønsutgifter knytt til desse tenestene. Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Staten kompenserer 80% av kostnadane over innslagspunktet, som for 2020 var på kr 1.430.000.

Utbetaling av tilskot til kommunane i 2022 vil vere avhengig av tal tenestemottakarar, ressursbruken til den enkelte, og innslagspunktet for 2021. Statleg øyremerka tilskot til ressurskrevjande tenester er vidareført i planperioden med 66 mill. kroner årleg.

(tal i 1000 kr)	R 2020	B 2021	RB 2021	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025
Tal brukarar	38	40	40	40	40	40	40
Topppfinansieringstilskot	-59 588	-66 022	-66 022	-66 022	-66 022	-66 022	-66 022

3.2.4 Finans

Finanspostar omfattar rente- og avdragsutgifter, renteinntekter, gevinst på plasserte midlar og utbytte.

Avdrag

Kommunen betalar avdrag etter minsteavdragsprinsippet. Redusert overføring frå drift til investering i 2020 på 16 mill. kroner, og kjøp av Hafstad vgs i 2023 på 100 mill. kroner er brot på vedteke handlingsregel, og gir ein auke i avdragskostnadane påfølgjande år. Ein legg opp til årlege avdragsutgifter på 95 mill. kroner i planperioden.

Renteutgifter

Norges Bank sette styringsrenta til 0 % i mai 2020. Det er stor usikkerheit om dei økonomiske utsiktene og dermed renteutviklinga i planperioden. Norges Bank forventar likevel ei gradvis opptrapping av styringsrenta, frå siste halvdel av 2021 og til 2025 der det er forventa at styringsrenta er auka til 1,36 %.

I økonomiplanen er det lagt til grunn ei lånerente på 1,8 % i 2022, aukande til 2,4 % i 2025. Årleg renteutgift på 44 mill. kroner i 2022, aukande til 59 mill. kroner i 2025. Den gjennomsnittlege lånerenta i 2021 er ca. 1,26 %.

Renteinntekter

Renteinntekter består av renteinntekter på bankkonto, rentekompensasjon og innbetalt rente på Husbanklån. Rekneskapan for 2020 viser samla renteinntekter på 9 mill. kroner mot budsjettert 15 mill. kroner. Lågare rentenivå forklarar lågare inntekter. Det er i økonomiplanen lagt til grunn samla renteinntekter frå 11 mill. kroner i 2022 aukande i samsvar med renteauken til 13 mill. kroner i 2025.

Gevinst på plasserte midlar

Sunnfjord kommune har plassert 186 mill. kr med 65 % i rentefond og 35 % i aksjefond. Det er lagt til grunn ei årleg avkastning på 4,1 %.

Det vert lagt fram eiga politisk sak om disponering av 108,4 mill. kroner frå KLP. Kommunedirektøren tilrår at midlane vert ståande i KLP og at vi disponerer årleg avkastning i drifta av Sunnfjord kommune. Tilrådinga inngår i tabell nedanfor.

Samla budsjettert gevinst på plasserte midlar utgjer 12,6 mill. kroner i 2022, aukande til 13,3 mill.kroner i 2025.

(tal i 1000 kr)	R 2020	B 2021	RB 2021	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025
Plasserte midlar	186 500	187 450	190 230	198 029	206 149	214 601	223 399
Forventa avkastning %	6,1 %	4,0 %	4,0 %	4,1 %	4,1 %	4,1 %	4,1 %
Gevinst	- 11 412	- 7 498	- 7 609	- 8 119	- 8 452	- 8 799	- 9 159
Midlar frå KLP			108 432	108 432	108 432	108 432	108 432
Gevinst			- 2 169	- 4 446	- 4 446	- 4 446	- 4 446
Sum gevinst	- 11 412	- 7 498	- 9 778	- 12 565	- 12 898	- 13 244	- 13 605

Utbytte

Utbytte på totalt 25,5 mill. kroner i 2021 er vidareført, men auka med 3,07 mill. kroner i 2022 i samsvar med kommunestyrevedtak 073/21. Storparten av utbytte kjem frå BKK og Sogn og Fjordane Holding. Straumprisane vil påverke utbyttetenivået.

3.2.5 Effektiviserings- og innsparingstiltak

Alle tiltak er omtalt og vurdert i [sluttrapport frå prosjekt om større økonomisk handlingsrom i Sunnfjord kommune](#). Tiltaka summerer seg til 52,74 mill. kroner i 2024.

Plan for effektiviserings- og innsparingstiltak er vidareført i økonomiplanen med nokre justeringar:

- Forskyving av fulleffekt av plan for skulestruktur til 2025
- Forskyving av fulleffekt av plan for barnehagestruktur og dermed tal barn pr. årsverk til 2025
- Forskyving av effekt av barnehagestruktur til 2023 for å kunne gjere nødvendig investeringar
- Innsparing på teneste for næring er justert ved at tilskot til Sunnfjord Utvikling ikkje vert redusert ytterlegare, men at det vert lagt opp til prosjektfinsiering av delar av stillingar på samfunn, kultur og næring samt at administrasjonen aukar innsparingar med 250.000 kroner.

Eit større bidrag til effektiviserings- og innsparingstiltak frå oppvekst må sjåast i samanheng med at oppvekst er prioritert innanfor nye driftstiltak i planperioden.

Nr	Teneste	Tiltak	Gjeldande plan				Ny økonomiplan 2022-2025				
			Budsjett 2021	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024	Budsjett 2021	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025
1	Barnehage	Seks barn per årsverk på avdeling	2,90	5,20	7,20	8,20	2,90	5,20	7,20	8,20	8,20
2	Skule	Plan for å vurdere skulestruktur	3,00	6,00	6,00	6,00	3,00	4,00	5,00	5,50	6,00
3	Barnehage	Plan for å vurdere barnehagestruktur	2,00	3,00	3,00	3,00	-	2,00	3,00	3,00	3,00
4	Vaksenoppf. og int.	Redusere bemanning programrådgjevar i Vaksenopplæring og integrering	1,60	1,60	1,60	1,60	1,60	1,60	1,60	1,60	1,60
5	SFO/Skule	Auka inntektene SFO med 10% og redusere tilbodsstrukturen	0,80	0,80	0,80	0,80	0,80	0,80	0,80	0,80	0,80
6	SFO/Skule	Ressursmodell for SFO. Redusere bemanning 1:16	1,30	1,30	1,30	1,30	1,30	1,30	1,30	1,30	1,30
7	Skule	Standard for midlar til materiell og utstyr	0,30	0,30	0,30	0,30	0,30	0,30	0,30	0,30	0,30
8	Skule	Redusere rammetimetale til ordinær undervisning til 7 årsve	2,00	-	-	-	2,00	-	-	-	-
9	Kultur	Endre biblioteksstruktur, færre filialar.	0,44	0,44	0,44	0,44	-	0,20	0,44	0,44	0,44
		Delsum oppvekst og kultur	14,34	18,64	20,64	21,64	11,90	13,10	17,64	20,14	21,64
1	Omsorg	Auka bruk av velferdsteknologi	0,40	0,60	0,60	0,60	0,40	0,60	0,60	0,60	0,60
2	Omsorg	Bemanningssetter	0,60	2,10	2,10	2,10	0,60	2,10	2,10	2,10	2,10
3	Omsorg	Elektronisk medisineringsstøtte	2,10	2,10	2,10	2,10	2,10	2,10	2,10	2,10	2,10
4	Omsorg	Helsefremmende arbeidstidsordningar og redusere sjukefravær	1,00	2,00	2,00	2,00	1,00	2,00	2,00	2,00	2,00
5	Omsorg	Betre planlegging av helgevakter	-	1,00	1,00	1,00	-	1,00	1,00	1,00	1,00
6	NAV	Styrke arbeidsretta oppfølging	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00
7	Omsorg	Organisering av nattevakt og bruk av digitalt nattilsyn	0,90	0,90	0,90	0,90	0,90	0,90	0,90	0,90	0,90
8	Barnevern	Færre tiltak i barnevern ved betre tverrfagleg innsats	-	0,70	-	0,80	-	0,70	-	0,80	0,80
9	Omsorg	Redusert bruk av leiarressursar	0,40	0,80	0,80	0,80	0,40	0,80	0,80	0,80	0,80
10	Helse	Reduksjon av årsverk psykisk helse og rus	0,70	0,70	0,70	0,70	0,70	0,70	0,70	0,70	0,70
11	Helse	Reduksjon av årsverk organisering av frivilligarbeid	0,40	0,40	0,40	0,40	0,40	0,40	0,40	0,40	0,40
12	Helse	Reduksjon av årsverk og driftstilskot fysioterapi	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50
13	Helse	Endra bruk av ressurs folkehelsekoordinator	0,20	0,40	0,40	0,40	0,20	0,40	0,40	0,40	0,40
14	Barnevern	Vurdering av advokat- og konsulenttenester i barnevernet	0,40	0,40	0,40	0,40	0,40	0,40	0,40	0,40	0,40
15	Omsorg	Organisering av matombringning	0,10	0,25	0,40	0,40	0,10	0,25	0,40	0,40	0,40
16	Helse	Frivillig arbeid i aktivitetstilbudet	0,10	0,10	0,10	0,10	0,10	0,10	0,10	0,10	0,10
17	Helse	Reduksjon av årsverk i skolehelsetjeneste	0,40	0,40	0,40	0,40	0,40	0,40	0,40	0,40	0,40
18	Helse	Reduksjon av årsverk bistillinger legetjeneste	0,30	0,30	0,30	0,30	0,30	0,30	0,30	0,30	0,30
19	Omsorg	Samlokalisering av bustadar, Butiltak psykisk helse	0,20	0,20	0,20	0,20	0,20	0,20	0,20	0,20	0,20
20	Omsorg	etterspørse?	0,10	0,10	0,10	0,10	0,10	0,10	0,10	0,10	0,10
		Delsum helse, sosial og omsorg	9,10	13,55	14,40	15,20	9,10	13,55	14,40	15,20	15,20
1	Adm	Redusere utgifter til politisk styring	-	-	-	0,80	-	-	-	0,80	0,80
2	Adm	Redusere utgifter til kontroll og revisjon	2,30	2,30	2,30	2,30	2,30	2,30	2,30	2,30	2,30
3	Adm	Avvikle fritidsforsikring	0,18	0,18	0,19	0,20	0,18	0,18	0,19	0,20	0,20
4	Adm	Redusere bemanning administrasjon	3,48	5,28	6,08	6,08	3,48	5,53	5,83	6,33	6,33
7	Samferdsel	Redusere utgifter til kommunale vegger	0,30	0,30	0,30	0,30	0,30	0,30	0,30	0,30	0,30
13	Næring	Redusere tilskot til Sunnfjord utvikling	0,75	1,50	1,50	1,50	0,75	0,75	0,75	0,75	0,75
	Næring	Auke prosjektfin. av stillingar på samfunn, kultur og næring					0,50	0,50	0,50	0,50	
14	Næring	Redusere bemanning på landbruk	0,25	0,25	0,25	0,25	0,25	0,25	0,25	0,25	0,25
16	Kirke	Redusere tilskot til kyrkja	-	0,27	0,80	1,32	-	0,80	1,32	1,32	1,32
17	Eiendom	ENØK-tiltak	1,00	1,00	1,50	1,50	1,00	1,00	1,50	1,50	1,50
18	Eiendom	Vaskeri	0,45	0,45	0,45	0,45	0,45	0,45	0,45	0,45	0,45
19	Øvrige	Elektrifisering av bilparken	-	-	-	0,30	-	-	-	0,30	0,30
20	Øvrige	Redusere finanskostnader	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50
		Delsum teknisk og administrasjon	9,21	12,03	13,87	15,50	9,21	11,76	13,37	15,50	15,50
		SUM INNSPARING	33,05	44,62	49,31	52,74	30,61	38,81	45,81	51,24	52,74

Tabell er ajourført i samvar med kommunestyrevedtak 073/21 ved at innsparing til kyrkja i 2022 er tatt ut.

3.3 Konsekvensjustert økonomiplan 2022 - 2025

Tabellen nedanfor oppsummerer økonomiske endringer i økonomiplanperioden ut frå føresetnader i årsrekneskapen for 2020, budsjett 2021 og revidert budsjett 2021.

(tal i 1000 kr)	R 2020	B 2021	RB 2021	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025
Rammetilskot	- 730 203	- 697 145	- 699 100	- 712 298	- 715 117	- 721 436	- 726 541
Auke rammetilskot Covid-19	- 27 549	- 19 058	- 28 296				
Kompensasjon tap inntektsutjamning	- 4 000	- 6 200	- 6 200	- 6 200	- 6 200	- 6 200	- 6 200
Skatteinntekter	- 636 554	- 707 147	- 712 004	- 708 705	- 708 705	- 708 705	- 708 705
Eigedomsskatt	- 73 477	- 78 300	- 78 300	- 78 300	- 78 300	- 78 300	- 78 300
Andre inntekter (samlepost)	- 645 552	- 611 271	- 611 271	- 612 876	- 612 876	- 612 876	- 612 876
Sum driftsinntekter	- 2 117 335	- 2 119 121	- 2 135 171	- 2 118 379	- 2 121 198	- 2 127 517	- 2 132 622
Driftsutgifter ekskl. avskrivning	2 017 672	2 022 173	2 033 366	2 001 415	2 001 415	2 001 415	2 001 415
Uløyste utfordringar innan omsorg		14 000	14 000	14 000	14 000	14 000	14 000
Innsparingstiltak	- 12 500	- 33 050	- 30 610	- 38 810	- 45 810	- 51 240	- 52 740
Sum driftsutgifter	2 005 172	2 003 123	2 016 756	1 976 605	1 969 605	1 964 175	1 962 675
Renteinntekter	- 9 068	- 14 730	- 11 730	- 11 230	- 11 978	- 12 676	- 13 328
Utbytte	- 18 080	- 25 503	- 25 503	- 28 573	- 25 503	- 25 503	- 25 503
Gevinst på plasserte midlar	- 11 412	- 7 498	- 9 778	- 12 565	- 12 898	- 13 244	- 13 605
Renteutgifter	42 756	45 504	42 504	44 204	49 211	54 215	59 217
Avdrag	94 661	95 000	95 000	95 000	95 000	95 000	95 000
Netto driftsresultat	- 13 306	- 23 225	- 27 922	- 54 938	- 57 761	- 65 550	- 68 166
Overføring til investering	13 306	24 830	24 830	38 748	41 063	46 294	46 294
Netto avsetning til bundne driftsfond		- 1 605	- 1 605				
SUM	-	-	- 4 697	- 16 190	- 16 698	- 19 256	- 21 872
Handlingsrom				- 16 190	- 16 698	- 19 256	- 21 872

For å kunne berekne handlingsreglar i % av driftsinntektene er det i denne tabellen stipulert ikkje budsjetterte inntekter og utgifter til sjuke- og fødselsrefusjon på 80 mill. kroner og øyremerka tilskot på 60 mill. kroner. I hovudoversikter i vedlegg er desse stipuerte inntektene og utgiftene ikkje med.

Tabellen er ajourført i samsvar med kommunestyrevedtak 073/21 og oppsummerer eit positivt handlingsrom på 16,2 mill. kroner i 2022 aukande til 21,9 mill. kroner i 2025.

Det positive handlingsrommet kjem av forventa folketalsvekst på landssnittet som grunnlag for auke i frie inntekter samt effekt av effektiviserings- og innsparingstiltak. Det er lagt opp til auke i renteutgifter i planperioden som følgje av forventa auke i rentenivået. Auke i avkastning av plasserte midlar som følgje av ekstraordinær overføring frå fondsmidlar frå KLP bidreg til delvis å finansiere auke i renteutgifter.

Kap. 4 omhandlar driftsutfordringar og prioritering av tiltak innanfor handlingsrommet skissert i tabellen ovanfor.

4 Drift

Delkapittel 4.1 – 4.7 presenterer dei viktigaste utfordringane og prioriterer driftstiltak for kvar av sektorane i Sunnfjord kommune. Delkapittel 4.8 oppsummerer prioriterte driftstiltak innanfor definert handlingsrom.

4.1 Stab og støtte

4.1.1 Omtale av dei viktigaste utfordringane

- Det er nødvendig å analysere administrasjonskostnadane i Sunnfjord kommune og samanlikne oss med andre for å finne dei riktige tiltaka for å redusere administrasjonskostnad i samsvar med plan for effektivisering og innsparing.
- Fleire funksjonar/ oppgåver har behov for ressursar for å handtere lovkrav/ arbeidsmengde; kreftkoordinator, innkjøp, juristkompetanse, IKT, arkiv og koordinatorar for brukarar.

4.1.2 Prioriterte driftstiltak

Nr	Tiltak – kva (tal i heile 1 000 kr)	2022	2023	2024	2025	Pri.
1	Handlingsplan digitalisering	2 000	2 000	2 000	2 000	14
2	Lærlingar - deffinansering	500	1 000	1 500	2 000	19
3	Lønspott til harmonisering	2 000	2 000	1 000		21
4	Innkjøpsressurs	650	650	650	650	32
5	Kreftkoordinator – auke frå 50 % til 100 %	425	425	425	425	32
6	Jurist med kompetanse innan barnevern	500	500	500	500	34
7	Tilskot til kyrkja	1 200	1 200	1 200	1 200	
8	Tilskot til utbygging av breiband/mobil	1 500	1 500	1 500	1 500	
9	Ressurs til å handtere vekst i IKT-utstyr	350	350	350	350	
10	Bemanning 24/7 i SySIKT	700	700	700	700	
11	Koordinator brukarar samansette behov	425	425	425	425	
12	Ordne arkiv/ digitalisere arkiv/ depot	2 000	2 000	2 000	2 000	
13	Internasjonalisering – eigendel og drift	150	150	150	150	
14	Controllerstilling – endra finansiering	800	800	800	800	

4.1.3 Grunngeving av driftstiltak

Tiltak 1: Handlingsplan digitalisering

Digitalisering av arbeidsprosessar, oppgraderingar og anbudsprosessar på fagsystem, vedlikehald av integrasjonar mellom fagsystem, auke i tal brukarar/enheter og opplæring av tilsette krev kompetanse, ressursar og budsjett. Tiltaket omfattar og eigenandel DigiVestland. Sjå og omtale kap. 1.3.

Tiltak 2: Lærlingar - delfinansering

Sunnfjord kommune har i dag ca 1 lærling pr. 1000 innbyggjar. For å nå KS si målsetting om 2 lærlingar pr. 1000 innbyggjar må det setjast av midlar til delfinansiering av ca. 20 lærlingar årleg. Det er behov for ein opptrappingsplan for å nå denne målsetjinga i planperioden.

Tiltak 3: Lønspott til harmonisering

Samanslåing av 4 kommunar til Sunnfjord kommune har medført at tilsette som utfører same arbeid har ulik løn. Det er gjort harmoniseringstiltak i 2020, men det er framleis behov for midlar for å handtere ulik løn. Alternativt må dette handterast innanfor eventuell lokal pott til ordinær lønsauke.

Tiltak 4: Innkjøpsressurs

Formannskapet i Sunnfjord kommune vedtok at kommunen ikkje skal ta del i innkjøpssamarbeid i gamle Sogn og Fjordane med Kinn som vertskommune. Årleg kostnad ved deltaking i innkjøpssamarbeidet er 650.000 kroner. Pr. i dag er det eitt årsverk i arbeid med innkjøp i Sunnfjord kommune. Det er ikkje tilstrekkeleg for å vere i samsvar med lov om offentlege anskaffingar.

Tiltak 5: Kreftkoordinator – auke frå 50 % til 100 %

Førde kommune hadde kreftkoordinator i 50 % stilling. Behov for å auke stilling frå 50 % til 100 % for å kunne handtere heile Sunnfjord kommune.

Tiltak 6: Jurist med kompetanse innan barnevern

Sunnfjord kommune har pr. i dag ein kommuneadvokat i 100 % stilling. Arbeidsmengda er stor og det er forslått å tilsetje ein jurist med kompetanse innan barnevern, då stillinga delvis kan finansierast med budsjetterte kostnader til kjøp av juristkompetanse i barnevern.

Tiltak 7: Tilskot til kyrkja

Behov for auke i overføring frå kommunen til kyrkjeleg fellesråd for å finansiere auka administrativ ressurs med 40 %, måling av kyrkje, meirkostnad til møte- og leiargodtgjersle for det nye fellesrådet og sokneråda og kostnad til kjøp av nytt datasystem og auka årlege kostnader til drift av data. Fullstendig omtale av innspel frå Sunnfjord kyrkjelege fellesråd følgjer som vedlegg.

Tiltak 8: Tilskot til utbygging av breiband/ mobil

Kommunen vil i løpet av 2021 inngå utbyggingsavtaler som gjer til at vi har tilfredsstillande breibandsdekning i heile kommunen når avtalene er ferdig utbygd i 2022/ 2023. Det er lagt fram eiga politisk sak i 2021 om tiltak og prioritering av betre mobildekning i Sunnfjord kommune. Økonomisk bidrag frå Sunnfjord kommune er ikkje avklart og det må derfor leggast fram politisk sak om ev. finansiering.

Tiltak 9/10: Ressursar til å handtere vekst i IKT-utstyr/ bemanning 24/7 i SySIKT

Det er stor vekst i tal pc'ar og nettbrett innan oppvekst og omsorg. SySIKT bør tilførast meir ressursar for å handtere veksten. I tillegg blir det staidg større forventning til oppetid på løysinga gjennom heile døgnet og i helgane. SySIKT er pr. i dag ikkje bemanna utover ordinær arbeidstid i kvardagane.

Tiltak 11: Koordinator brukarar samansette behov

Det er behov for fleire koordinatorar for brukarar med samansette og alvorlege helseutfordringar.

Tiltak 12: Ordne arkiv/ digitalisere arkiv/ depot

Sunnfjord kommune sit på store mengder arkivmateriale. Pr. i dag pågår digitalisering av byggesaksarkivet. Fleire delar bør digitaliserast. I tillegg må gammalt arkiv organiserast og sikrast for ettertida på tilstrekkeleg måte.

Tiltak 13: Internasjonalisering – eigendel og drift

Det må setjast av driftsmidlar og eigenandel for å prioritere internasjonalisering.

Tiltak 14: Controllerstilling – endra finansiering

Stillinga er over fleire år finansiert ved at stabseininga har utført prosjektarbeid og dermed motteke prosjektmidlar. Det er stor usikkerheit om kapasitet og omfang av prosjektmidlar framover.

4.2 Skule

4.2.1 Omtale av dei viktigaste utfordringane

- Eit vektlagt element i fagfornyinga er digitalisering av skulen og digital kompetanse. Alle elevar i Sunnfjord kommune vil i løpet av hausten 2021 ha tilgang til ei digital eining. Frå 3. klasse berbare datamaskiner og lpad på 1. og 2. klasse. Digitale læringsressursar, vedlikehald og fornying av maskiner kvart 5. år vil krevje auke i driftsmidlar.
- Kompetanseteamet i PPT som skal arbeide med førebygging og oppfølging av barnehagebarn, har ikkje kapasitet til å følgje opp alle barnehagane i Sunnfjord kommune. Kompetanseteamet var tilpassa barnehagane i tidlegare Førde kommune. For å få eit likeverdig tilbod i Sunnfjord kommune er det naudsynt å styrke kompetanseteamet med ein til to stillingar.
- Tilpassa opplæring skal redusere bruken av spesialundervisning. Statlege føringar og tiltak legg press på kommunane for å arbeide målretta med tiltak. Sunnfjord kommune har vedteke eit prinsippdokument som legg føringar på skulane sitt arbeid med å redusere spesialundervisning. Statsforvaltaren sine tilsyn med Sunnfjord kommune, på området spesialundervisning, tek utgangspunkt i at det er for mange elevar som får spesialundervisning. I tillegg konkluderer tilsynet med området grunnskuleopplæring for vaksne, at vaksne skal ha sakkunnig uttale. PPT har i dag venteliste for å utgreie barn, slik at dei må prioritere bort alle førebyggjande og kompetansebyggjande tiltak. Skal vi klare å snu utviklinga må PPT styrkast med fleire fagstillingar.
- Endring frå spesialundervisning til tilpassa opplæring er krevjande og vil for ein periode krevje ekstra ressursinnsats. Det vil for ein periode vere behov for å styrke arbeidet med tilpassa opplæring i skulen, til ein får redusert omfanget av spesialundervisning.
- Det er lovfesta krav om leirskule/skuletur for alle elevar i grunnskulen. Tilbodet skal vere på minimum 3 overnattingar. Skulane har ikkje midlar i sine budsjett til å oppfylle kravet om leirskule.
- Det er brukarar som kjem inn i skulen, som vil ha behov for stor ressursinnsats gjennom skuleløpet. Elevane har ein lovfesta rett til anna kompetanse enn det som elles finst i skulen. Det er ikkje midlar til å dekke kostnadane innanfor skulen sine rammer, utan å redusere anna undervisning.
- Vi får tilbakemelding om at andelen elevar med større vanskar, særleg åtferdsvanskar er aukande. Desse har behov for oppfølging av fagarbeidarar og assistentar i friminutt og timar. Å koordinere timar mellom elevar er utfordrande i slike saker. Det manglar ca. 50 assistent timar for å dekke behovet.

4.2.2 Prioriterte driftstiltak

Nr	Tiltak – kva (tal i heile 1 000 kr)	2022	2023	2024	2025	Pri.
1	Vedlikehald. Lisensar og fornying datamaskiner	2 500	3 500	4 500	4 500	1
2	To nye fagstillingar i PPT	2 000	2 000	2 000	2 000	2
3	Styrke kompetanseteamet i barnehage	1 000	1 000	1 000	1 000	3
4	Auke tal timar til tilpassa opplæring 40 t/v	2 000	2 000	2 000	2 000	4
5	Lovfesta krav om leirskule	500	500	500	500	5
6	Nye elevar med særskilte behov	1 500	1 500	1 500	1 500	6

4.2.3 Grunngeving av driftstiltak

Tiltak 1: Vedlikehald. Lisensar og fornying datamaskiner

I Sunnfjord kommune er det investert i utstyr til alle elevane. Desse må vedlikehaldas og fornyast minimum kvart 5 år. Digitale læringsressursar har årlege utgifter til lisensar og skulane har ikkje midlar til å dekke lisenskostnadar innanfor budsjettet. Skal Sunnfjord kommune over tid oppretthalde kvalitet på det digitale tilbodet til elevane, må det vere tilgjengelege driftsmidlar til vedlikehald og fornying av maskiner. Ei utskifting etter 5 år vil koste 4,5 mill. årleg frå 2025.

Tiltak 2: To nye fagstillingar i PPT

Skulen skal arbeide for å redusere spesialundervisning og auke bruken av tilpassa opplæring. Stat.ped skal byggast ned og kommunane må sjølv bygge opp kompetanse på t.d. syn, hørsel og samansette vanskar. PPT har i dag venteliste på utgreiing av barn og dei skal i tillegg utgreie vaksne brukarar. I arbeidet med å redusere bruken av spesialundervisning, er PPT sitt systemiske arbeid avgjerande for å lukkast. PPT må bygge kompetanse ute på skulane. For å redusere ventelistene og frigjere tid til systemisk arbeid, er det prioritert to nye fagstillingar i PPT.

Tiltak 3: Styrke kompetanseteamet PPT

Kompetanseteamet i PPT må ha kapasitet til å arbeide likeverdig med førebygging og oppfølging av barnehagane i Sunnfjord kommune. Kompetanseteamet må styrkast med ei stilling og det er prioritert inn 1 mill. kroner årleg i økonomiplan perioden.

Tiltak 4: Auke tal timar til tilpassa opplæring 40 t/v

Sunnfjord kommune har for mange elevar som får spesialundervisning. Å snu ei slik utvikling er krevjande og for ein periode vil det vere behov for å auke timetalet til tilpassa opplæring. Målet er å redusere behovet for spesialundervisning med systemisk arbeid og god kompetanse i skulen. Det er difor prioritert å auke timetalet til tilpassa opplæring med 40 veketimar (to stillingar)

Tiltak 5 : Lovfesta krav om leirskule

Opplæringslova stiller krav til kommunane om å gi elevane tilbod om leirskule/skuletur med minimum 3 overnattingar. Skulane har ikkje midlar i sine budsjett til å oppfylle kravet i lova.

Tiltak 6 : Nye elevar med særskilte behov

Nye elevar som krev ein anna lovfesta kompetanse enn det skulen kan tilby innanfor sine økonomiske rammer. For at desse elevane skal få oppfylt sine behov, må det omdisponerast ressursar frå ordinær undervisning. Det er lagt inn 1,5 mill. årleg i perioden, for at elevane skal få oppfylt sine behov utan at det samla tilbodet i skulen må reduserast.

4.3 Barnehage

4.3.1 Omtale av dei viktigaste utfordringane

- Barnehagane i Sunnfjord kommune skal vere fagleg sterke barnehagar med høg kvalitet, med eit likeverdig pedagogisk tilbod, og gje eit godt leike- og læringsmiljø med berekraftig økonomi. Sunnfjord kommune driftar 18 barnehagar i ulike storleikar. Det er barnehagar frå ei avdeling til 7 avdelingar i kommunal regi. Dei minste barnehagane som Karstad, Vevring og Viksdalen driftar per i dag barnehagar som er under ei avdeling. Desse barnehagane er dyre å drifte fordi det er vanskeleg å ha effektiv drift samtidig som ein skal ta i vare tryggleik gjennom å ha nok vaksne i heile opningstida og ha eit godt barnehagetilbod. Fleire andre barnehagar driftar ei avdeling som ikkje er fulle og fører til mindre effektiv drift.

Sunnfjord kommune har 8 private barnehagar i tillegg til eiga drift. Kommunen kan ikkje påverke drifta i private barnehagar på lik linje med eigne barnehagar. Oppdraget til kommunen er å godkjenne private barnehagar, gje tilskot til godkjente private barnehagar og sjå til at barnehagen driftar innanfor regelverket.

- Kompetanseteamet i Sunnfjord kommune er eit lågterskeltilbod til barn i barnehagesektoren. Målet er at teamet skal kome tidleg inn med tiltak for at barn ikkje skal ha bruk for spesialpedagogisk hjelp. I dag er teamet bemanna med 3 årsverk, to spesialpedagogar og ein migrasjonspedagog. Storleiken på teamet tilsvarar det Førde kommune hadde før kommunesamanslåinga og har i dag kapasitet til å dekke behova i dei kommunale og private barnehagane som tilhørde tidlegare Førde kommune, det vil sei 15 barnehagar. Slik teamet er organisert i dag har ikkje kommunen kapasitet til å gje eit likeverdig tilbod til alle dei 26 barnehagane i Sunnfjord kommune. Konsekvensen av at kompetanseteamet er så lågt bemanna er at spesialpedagogane frå august 2021 utelukkande vil rettleie på tiltak til barn som har ei gjeldande sakkunnig vurdering. Det betyr at kompetanseteamet ikkje kjem til å ha dagar ute i barnehagane der ein drøftar tiltak tidleg. PPT må midlertidig legge ned den tidlege hjelpa fram til ein får auke i bemanning. Målet med å ha eit kompetanseteam er å styrke tidleg innsats og nytte lågterskeltilbod framfor å ha mange barn med spesialpedagogisk hjelp. Om ein skal oppretthalde teamet i den forma det er i dag vil det vere bruk for meir ressursar for å gje eit likeverdig tilbod til alle barna i heile kommunen.
- Spes.ped/styrking - Sunnfjord kommune pliktar å gje midlar til spesialpedagogisk hjelp til barn med særskilde behov, etter § 31 og § 37 i barnehagelova. Sektoren kjenner til dei barna som går i barnehagen i dag og som har rett til spesialpedagogisk hjelp. Samstundes ser vi ein auke i sakkunnige uttaler. I tillegg kan det kome til nye barn med særskilde behov gjennom året.
- Tilskot til private barnehagar - Kommunen pliktar å gje private barnehagar tilskot til ordinær drift. Tilskotet er basert på rekneskapstal og tal barn for rekneskapsåret i kommunale barnehagar.

Korleis eiga drift er i kommunale barnehagar, påverkar korleis tilskotet til private barnehagar blir. Ei effektiv drift av dei kommunale barnehagane gir tilsvarande lågare tilskotsnivå for dei private barnehagane. Har ikkje dei kommunale barnehagane ei effektiv drift, til dømes ved å stette norma om 1 vaksen pr 6 plassar, så aukar tilskotet til private barnehagar. Dette er ei stor utfordring når Sunnfjord kommune har fleire små barnehagar der ein ikkje greier å stette norma. Dette gir ein monaleg auke i tilskot til private barnehagar.

4.3.2 Prioriterte driftstiltak

Nr	Tiltak – kva (tal i heile 1 000 kr)	2022	2023	2024	2025	Pri.
1	Styrke kompetanseteamet	1 000	1 000	1 000	1 000	1
2	Spes.ped/styrking	1 500	1 500	1 500	1 500	2
3	Tilskot til private barnehagar	1 500	1 500	1 500	1 500	3
4	Redusert foreldrebetaling / søskenmoderasjon	1 000	1 000	1 000	1 000	4
5	Pedagognorm	100	100	100	100	5

4.3.3 Grunngeving av driftstiltak

Tiltak 1: Styrke kompetanseteamet PPT

Kompetanseteamet i PPT må ha kapasitet til å arbeide likeverdig med førebygging og oppfølging av alle barnehagane i Sunnfjord kommune. Kompetanseteamet må styrkast med ei stilling og det er prioritert inn 1 mill. kroner årleg i økonomiplanperioden.

Tiltak 2: Spes.ped/styrking

Sunnfjord kommune pliktar å gje midlar til spesialpedagogisk hjelp til barn med særskilde behov, etter § 31 og § 37 i barnehagelova. Sektoren kjenner til dei barna som går i barnehagen i dag og som har rett til spesialpedagogisk hjelp. Samstundes ser vi ein auke i sakkunnige uttaler. I tillegg kan det kome til nye barn med særskilde behov gjennom året.

Tiltak 3: Tilskot til private barnehagar

Sunnfjord kommune pliktar å gje driftstilskot til ordinær drift av private barnehagar. Tilskotet til private barnehagar er basert på 2 år gamle rekneskapstal i kommunale barnehagar. Det er i grunnlaget for utrekning av tilskotet for 2022 enkelte usikre faktorar i talmaterialet. Grunnlaget for talmaterialet er barnetalet etter barnehageopptaket 2021. Det kan kome endringar i tal barn i dei private barnehagane.


Det kan kome endringar i forskrifter for utrekninga av tilskot til private barnehagar. Eventuelle endringar vil erfaringsmessig ikkje vere klare før til hausten. Sunnfjord kommune nyttar malen for utrekning som KS og Private Barnehagers Landsforbund (PBL) har utarbeida.

Tiltak 4: Redusert foreldrebetaling/søskenmoderasjon

Føremålet med redusert foreldrebetaling er at ingen heimar skal betale meir for ein barnehageplass enn 6% av samla inntekt. Det er to ordningar for redusert foreldrebetaling, gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling. Redusert foreldrebetaling gjeld for alle barn som går i barnehagen og for alle hushaldningar som har ei samla lågare inntekt enn 583 650,- kroner. I tillegg pliktar kommunen å ha moderasjonsordningar for søsken. For barn nr. 2 skal det vere 30% reduksjon av makspris og for barn nr. 3, 4 og vidare skal det vere 50% reduksjon av makspris.

Tiltak 5: Pedagognorm

Det er nedfelt i barnehagelova at det skal vere ein vaksen per 3 barn (6 plassar) under 3 år og ein vaksne per 6 barn over tre år som minimumsbemanning, sist endra i 2018. Barnehagane i Sunnfjord kommune har hatt god bemanning dei siste åra og ligg under 6 plassar per vaksen. Årsaka til dette er både at det er færre barn i barnehagealder og



tilsette som har opparbeida seg rett til fast stilling. Vinteren 2020 vart det i innsparingsprosessen bestemt at ein skal effektivisere barnehagedrifta. Eit av tiltaka er å ha fulle avdelingar der det er 6 plassar per vaksen i barnehagen. I barnehageopptaket for 2020/2021 er det samla redusert med 30 plassar i kommunale barnehagar for å effektivisere drifta i barnehagane. Det vil sei at nokre barnehagar blir drifta med færre plassar enn dei tidlegare har gjort. I dei barnehagane det vert overtalligheit blir det sett i gang ein prosess for å gje dei tilbod om arbeid i andre barnehagar.

Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar tredde i kraft i 2017, sist endra i 2018. Det skal vere minst ein pedagog per 7 barn under 3 år og minst ein pedagog per 14 barn over 3 år. Det er samla i barnehagane god pedagogiske bemanning, men nokre barnehagar må søke om dispensasjon frå pedagognorm grunna overtallige fagarbeidarar og assistentar.

4.4 Helse og sosial

4.4.1 Omtale av dei viktigaste utfordringane

- Harmonisering
- Auka tal eldre gir auka behov for støttetjenestene til eldreomsorga i planperioden, spesielt innan fysio/ergoterapi, legetenester og aktivisering. Det er viktig at desse tenestene og blir styrka i samband med framtidig utvikling. Eit døme er at ved oppretting av korttidseining og rehabiliteringseining frå 2021 ikkje er tilført ressurs til sjukeheimslege, fysioterapi og ergoterapi for å kunne gjere ein fullverdig jobb. Dette vil gå ut over kvaliteten på tenestene.
- Lik praksis på tenesteutøving, 4 ulike lokasjonar på fleire av einingane
- Kommunen har ikkje driftsmidlar til tiltak innan friskliv og frivilligarbeidet. Er avhengig å få tilskotsmidlar
- Har ikkje tilstrekkeleg med tiltaksmidlar for å sette inn gode førebyggjande tiltak for å hindre/utsette behov av tenester for barn, unge og eldre
- Bustader til personer med rusutfordringar. Kommunen merkar auka press på behovet for tilpassa bustader. Personane blir anten plassert i burettslag eller omsorgsbustader. Dette er ikkje gode varige løysingar
- Manglande budsjettering i frå overgang til ny kommune og lovpålagte oppgåver som ikkje har budsjettdekning på nokre einingar

4.4.2 Prioriterte driftstiltak

Nr		Tiltak – kva	2022	2023	2024	2025	pr
1	Psykisk helse og rus	Lisensar Visma, RS, EPJ	100	100	100	100	5
2	Aktivitetseininga	Driftskostnader som ikkje er komen med i 2020 budsjettet	580	580	580	580	11
3	Psykisk helse og rus	Fullfinansiering av utekontakt stilling	400	730	730	730	17
4	Psykisk helse og rus	Butilbod i ein anna kommune, enkeltbrukar	480	480	480	480	18
5	Helsestasjonen	Kompensasjon for reduksjon av tilskot til skulehelsetenesta	500	500	500	500	22
6	Fysio/ergoterapi	Fysio/ergoterapi: Fullfinansiering av stilling som turnusfysioterapeut	300	300	300	300	26
7	Legetenesta	Beredskapsgodtgjersle og kompensasjon koordinering Best trening	750	750	750	750	35
8	Reinhald	Reinhald Prestebøen 8	450	450	450	450	
9	Reinhald	Reinhald Skei Aktivitetssenter, usikker kalkyle	115	115	115	115	
10	Legetenesta	Kommunale bistillingar rehabilitering og korttidseininga, Løn LIS 3 rettleing	850	850	850	850	

Nr	Tiltak – kva	2022	2023	2024	2025	pr
11	Aktivitetseininga Drift av frisklivstilbodet i Sunnfjord kommune, grunntilbod	350	350	350	350	
12	Fysio/ergoterapi oppjustering ergoterapeut 150%	300	300	300	900	
13	Psykisk helse og rus Tiltaksmidar til sårbar ungdom/fråfall i skulen. ungdomskontakt	300	300	300	300	23
14	Aktivitetseininga Utvida tilbod/harmonisering av dagtilbod for personar med demenssjukdom min. 3 dager i veka, 4 lokasjonar	1680	1680	1680	1680	
15	NAV Jobbstøtte i Sunnfjord, jamfør innsparingsnotat	500	1000	500	0	
16	Fysio/ergoterapi Nytt årsverk fysioterapi 100%	600	600	600	600	
17	Legetenesta Ny stilling som sjukepleiar	300	600	600	600	
18	Helse og sosial 4 Leasingbilar Helse og sosial	240	240	240	240	
19	Psykisk helse og rus Psykisk helse og rus. Auka 100% stilling		850	850	850	
20	Aktivitetseininga Aktivitetseininga:Kveldstilbod, avlasting demens, 60%		420	420	420	
21	Aktivitetseininga Motivasjonsløn til brukarar	200	200	200	200	
22	Aktivitetseininga Dekke transportkostnader for aktivisering	500	500	500	500	
23	Reinhald Auka reinhaldskostnader til Frisksenteret i Naustdal			550	550	

4.4.3 Grunngeving av driftstiltak

Tiltak 1, Psykisk helse og rus, lisensar

Diverse lisensar som ikkje er kome med i budsjett for 2021.

Tiltak 2, Aktivitetseininga, diverse driftskostnader

Diverse driftskostnader som ikkje er kome med i 2021-budsjettet. Dette er t.d utgifter innanfor skyss, motivasjonsløn, køyregodtgjersle, kjøp av dagtilbod, feilføring på inntekter.

Tiltak 3, Psykisk helse og rus, utekontakt 100% stilling

Denne stillinga har vore finansiert gjennom prosjektmidar. Ein kan søke om midlar i eitt år til, då blir det ei nedtrapping i tilskotsmidlane som delfinansierer stillinga i 2022. Delfinansieringa blir då truleg 330.000 i 2022.

Tiltak 4, Psykisk helse og rus, butiltak

Butiltak på ein gard i ein anna kommune. Førde kommune oppretta eit butiltak for ein brukar med utfordringar innan rus og psykisk helse i 2019. Ein kjøper tiltaket på ein gard i ein nabokommune. Grunnen til at ein kjøper tenester er at ein ikkje klarte å gi brukaren eit tilfredsstillande tilbod ut i frå dei utfordringar brukaren har

Tiltak 5, Reduksjon i statleg styrkingsmidlar til skulehelsetenesta

Helsestasjonen har fått årlege tilskot frå Helsedirektoratet knytt til å styrke og utvikle helsestasjons- og skulehelsetenesta. Det vert politisk bestemt frå år til år om tilskot vert vidareført. Ein søker i januar i

budsjettåret og får melding om evt. tilskot i mars. Denne praksisen over tid, har ført til at fleire har fått rett på faste stillingar. Tilskotet for 2021 er redusert med 500 000 kr. I tilskotsbrevet står det at styrkingsmidlane kan bli redusert kvart år. Om desse styrkingsmidlanet fell ut, utan at kommunane vil få tilført auke i rammene, vil eininga trenge å få kompensert for desse midlane frå 2022 og utover. Pr. 2020 utgjorde tilskotet for Sunnfjord kommune 3 460 000 kr.

Tiltak 6, Fysio – ergoterapitenesta, turnusfysioterapeut

Fullfinansiering av stilling som turnusfysioterapeut. Fylkeskommunen oppfordrar kommunane til å ta i mot turnusfysioterapeutar. Eininga har i Førde stort sett hatt ein kandidat i praksis til ei kvar tid. Dette har ikkje vore fullfinansiert i budsjettet, og har vore utfordrande for eininga å løyse innanfor eininga sine rammer.

Tiltak 7, Legetenesta, beredskapsgodtgjering og BEST trening

Etter kommunesamanslåing har det kome krav i frå legetenesta på Skei for beredskapsgodtgjering på daglegevakt, utgjør årleg kostnad på 250 000 kr. Ved denne type vaktordning er kommunen lovpålagt å betale ut godtgjeringa. Det er og lovpålagt at kommunen skal drive akutt beredskapstrening (BEST trening). Dette utgjør ca. 500 000 kr i årlege utgifter til løn og kompensasjon for tidsbruk.

Tiltak 8, Aktivitetseininga, reinhald

Heimetenesta og Psykisk helse og rus, vil i løpet av hausten 2021 flytte inn i Prestebøen 8 (gamle husmorskulen). Eininga vil ha behov for litt investeringsmidlar og driftsmidlar til reinhald. Årlege reinhaldsutgifter utgjør ca. 450 000 kr.

Tiltak 9, Aktivitetseininga, reinhald

Aktivitetssenteret på Skei har per i dag ikkje reinhald av kommunale reinhaldarar. Ressursen vart teken vekk i Jølster for å spare pengar. Aktivitetssenter er eit dagtilbod til brukarane som bur på Heimly. Tilbodet vert gitt på Skei omsorgssenter. Det vil vere naturleg at dei får reinhald på lik linje med andre kommunale tilbod og at dei tilsette som driv dagtilbodet ikkje skal ha ansvaret for vask og reinhald i tillegg til brukarane.

Tiltak 10, Aktivitetseininga, Frisklivstilbod.

Alle frisklivstilboda i Sunnfjord kommune har vore basert på prosjektmidlar, også dei aktivitetane vi driv fast. Det har vorte vanskelegare å få tilsagn på prosjektmidlar til faste etablerte tilbod. Det er behov for at det vert sett av pengar til dei faste aktivitetane i økonomiplanen visst ein skal klare å drifte tiltaka vidare. Utan faste føreseielege pengar i økonomiplanen til aktivitetar er det vanskeleg å ha ein fast vekeplan for folk som treng forutsigbarheit, stabilitet, og tilpassa aktivitet. Vi kan koble oss på mykje lågterskeltilbod i heile Sunnfjord kommune utan at kommunen skal betale for det, men vi treng nokre faste aktivitetsmidlar slik at vi kan tilrettelegge for dei som faktisk ikkje går på treningsstudio, og syns det er vanskeleg og komme i gang utan vår hjelp. Dette er aktivitet som til dømes; klatring, basseng og Yoga, samt drift av seniorkoret.

Tiltak 11 og 12, Legetenesta og fysio – ergoterapitenesta, kommunale bistillingar, auka behov

Ved oppretting av korttidseining og rehabiliteringseining frå 2021 er det ikkje tilført ressurs til sjukeheimslege, fysioterapi og ergoterapi for å kunne gjere ein fullverdig jobb. Dette vil gå ut over kvaliteten på tenestene. Det kan vere direkte på rehabiliteringsområde, eller at ein må fordele knappe ressursar i frå andre fagområder som lege fysioterapeut og ergoterapeut utfører. Behov for ressurs som er spelt inn i frå fagområde er 40% stilling på lege, og 50% på fysioterapi.

Tiltak 13, Tiltaksmidlar til sårbar ungdom,

Sunnfjord kommune manglar midlar til å sette i gang førebyggjande/tidleg tiltak for ungdom som har behov for aktivisering for å unngå å falle ut av skulen eller isolere seg. Ved å ha tiltaksmidlar kan ressursar som arbeider med ungdom kunne sette inn tiltak for at ungdomen ikkje fortset ei negativ utvikling. Desse midlane vil bli håndtert av ei tverrfagleg gruppe som jobber mot ungdom i samband med SLT arbeidet.

Tiltak 14, Aktivitetseininga, Harmonisering av dagtilbod til dei med demenssjukdom.

Det er i frå 2020 lovpålagt å ha eit dagtilbod for dei med demenssjukdom. Skal ein harmonisere dagtilbodet for dei med demenssjukdom i Sunnfjord kommune, må ein gi minimum 3 dagars tilbod i kvar kommunedel. Ein må då tilføre eininga med ca. 180% stilling, som då vert fordelt på Skei, Naustdal og Sande.

Tiltak 15, NAV, IPS jobbstøtte

NAV Sunnfjord har fått tildelt prosjektmidlar til «Jobbstøtte i Sunnfjord» med til saman 1.000.000, med oppstart i 2020. Prosjektet forutset kommunal delfinansiering med nedtrapping av midlar over tre år. Jobbstøtte baserer seg på tett oppfølging av jobbspesialistar for personar med psykiske vanskar og/eller rusproblem i ordinært løna arbeid. Arbeidsmetoden bygger på ein metodikk som forskning viser har god effekt og gode resultat for den enkelte, arbeidsplassen og samfunnet. Eininga vil prøve å finne deler av finansieringa innanfor eige budsjett, men er avhengig av ekstra midlar frå 2021 for å sikre føreseielege økonomiske rammer, særleg ut frå å rekruttere dyktige medarbeidarar til stillingane som jobbspesialist. Dette er ein av viktige føresetnader for å lukkast. Vi ser muligheiter for større innsparingar på sikt, både i eiga eining og for andre einingar, men ser det som usikkert å klare dette i løpet av prosjektperioden utan ekstra finansiering. Tiltaket må sjåast i samanheng med innsparingstiltaket «Styrke arbeidsretta oppfølging» i innsparingsrapporten

Tiltak 16, Fysio – ergoterapitenesta, auka behov

Behov for 100% stilling Fysioterapeut jamfør framskriving tal eldre.

Tiltak 17: Legetenesta, Sjukepleiar i 100% stilling

Auka behov for sjukepleiarressurs fordelt på alle kontora i kommunen. Dette er ikkje eit akutt behov, men ein ser at tal legeheimlar aukar med ein heimel annakvart år på grunn av auka folketal og fleire eldre. For å støtte norma med 0,7 hjelpepersonell per lege, vil ein ha behov for ei ny stilling i 2023. Ein ser for seg at ein aukar med 50% i 2022 og resterande 50% i 2023.

Tiltak 18, Helse og sosial, leasingbilar

Tenestene innan Helse og sosial ser at overgangen til Sunnfjord kommune har gitt eit auka behov for fleire tenestebilar. Mange av einingane i Helse og sosial har tenestestad i alle tidlegare kommunesenter. Tenestene som har meldt inn behov er Aktivitetseininga, Fysio/ergoterapitenesta, Psykisk helse og rus og Helsestasjonen. Kommunen bør vurdere å ha fleire leasingbilar tilgjengeleg på rådhuset.

Tiltak 19, Psykisk helse og rus, 100% stilling

I dag er det fortsatt skeivfordeling av ressursar mellom tidlegare 4 kommunar på ressursar. Det er spesielt lite ressurs på Skei/Vassenden, og det blir jobba med omfordeling i tenesta. Eininga har ikkje psykolog og kompetanse på alderspsykiatri. I samband med at ein blir fleire eldre og at ein ikkje har hatt fokus på alderspsykiatri, meiner sektoren at ein må styrke både ressurs og kompetanse på området. Dette kan vere ei kombinasjonsstilling for å styrke både alderspsykiatrikompetansen og psykolog i tenesta.

Tiltak 20, Aktivitetseininga, avlasting på kveld/ettermiddag for dei med demenssjukdom 60% stilling

Pårørnde har behov for avlasting nokre timar for veka. Huset i Veglo 5 i Førde som har dagtilbod står ledig alle ettermiddagar. Ved å sette inn ei 60% stilling vil ein kunne ha ope nokre ettermiddagar for å avlaste pårørnde. Dette vil vere eit godt førebyggjande tiltak for å kunne utsette behovet for sjukeheimsplassar i framtida.

Tiltak 21, Aktivitetseininga, harmonisering av motivasjonsløn

Motivasjonspengar, eller motivasjonsløn er ein symbolsk sum kommunen betalar ut til deltakarar som møter, deltek og arbeider i eit dagtilbod eller som arbeider tilrettelagt ute i bedrift.

Dei fire kommunane som i dag utgjer Sunnfjord kommune har gjort dette svært ulikt. Førde kommune har betalt ut to typar motivasjonspengar. Dei som gjer tilrettelagt arbeid, får 8 kroner for kvar time dei er på arbeid. Dette gjeld i all hovudsak dei som er utplassert i bedrifter, dei som jobbar i kantinene og i utegruppene, samt kreativ stasjon knytt til psykiatri og rus. Her knyter ein motivasjonspengane til oppmøte og til produksjon. Deltakarane arbeider i noko grad sjølvstendig. Dei andre som arbeider på kreative stasjonar eller treningskjøkken, får 15 kroner per dag. Dette er i all hovudsak dei som er fysisk og psykisk funksjonshemma. Her knyter ein motivasjonspengane til oppmøte. Desse deltakarane arbeider i liten grad sjølvstendig.

Det er i år 77 personar som får utbetalt motivasjonspengar som er busett i gamle Førde kommune. Tidlegare Jølster kommune har gitt motivasjonspengar på 1000,- kroner månaden til to deltakarar som er utplassert i bedrift. Dei andre kommunane har ikkje betalt ut motivasjonspengar. For å få ei viss harmonisering bør eininga få styrka budsjettet med 200 000 kr.

Tiltak 22: Helse og sosial, Transportkostnader til aktivisering

Sunnfjord kommune er ein langstrakt kommune med organisering av mykje aktivitetar for ulike grupper i kommunen. Ein ynskjer spesielt å få dei mest sårbare meir aktive for å unngå isolering og passivisering. Transport kan ofte vere ei utfordring i ein kommune som ikkje har god offentleg transport i heile kommunen. Ein ynskjer gjennom satsinga Leve heile livet å sjå på korleis vi kan tilrettelegge for ei transportordning som gjer til at fleire deltek på aktivitetar og arrangement. Her må vi gå i dialog evt. med den offentlege transportnæringa, t.d buss- og taxi for finne løysingane. Då må vi ha driftsmidlar for å kunne gjere avtalar.

Tiltak 23, Reinhald Frisksenteret i Naustdal

Frisksenteret i Naustdal vil truleg vere ferdig i løpet av 2023. Tenestene som skal inn i bygga vil auke arealet i forhold til kva dei har i dag. Dette vil auke driftskostnader til reinhald. Årlege kostnader i frå 2024 er stipulert til ca 550 000 kr.

4.5 Omsorg

4.5.1 Omtale av dei viktigaste utfordringane

- Bemanning og rekruttering til fagstillingar. Tenestebehovet aukar i alle delar av omsorgssektoren. Rekruttering av sjukepleiarar til omsorgssenter er spesielt utfordrande.
- Ressurskrevjande tenester aukar, både i tal tiltak og omfang. Fleire einingar klarar ikkje å dekke tenestebehovet innafor tildelte personalressursar.
- Kompetanse. Komplekse tenester stiller krav til rett kompetanse og bemanning for å sikre fagleg forsvarlege tenester.
- Velferdsteknologiske løysingar har eit større potensiale. Det er krevjande å endre måten å jobbe på når teknologi vert nytta i tenesteytinga. Gevinstrealisering må sjåast i eit langsiktig perspektiv.
- Tildeling av tenester. Stor søknad om tenester og stort press på einingane. BEON-prinsippet (Beste effektive omsorgsnivå) kan vere vanskeleg å følgje.
- Demensomsorga. Tal personar med demenssjukdom aukar. Det er behov for eit differensiert tenestetilbod i alle fasar i sjukdomsforløpet.
- Harmonisering.

4.5.2 Prioriterte driftstiltak

Nr	Tiltak – kva (tal i heile 1 000 kr)	2022	2023	2024	2025	Pri.
1	Auke grunnbemanning i omsorgssenter og heimetenester	2 500	5 000	7 500	10 000	1
2	Vekst brukarar og tenesteomfang heimetenester	5 825	5 825	5 825	5 824	
3	Vekst brukarar og tenesteomfang butiltak psykisk helse	5 950	5 950	5 950	5 950	
4	Vekst brukarar og tenesteomfang bu- og miljøtenester	8 050	8 050	8 050	8 050	
5	Ressurskrevjande tiltak omsorgssenter	2 000	2 000	2 000	2 000	
6	Rekrutteringstiltak	2 300	3 000	3 500	4 000	
7	Einingsleiar bemanningssenteret	1 000	1 000	1 000	1 000	
8	Kompetanseheving	500	500	300	300	
9	Velferdsteknologi	1 500	1 500	1 500	1 500	
10	Demenskoordinator, 50% stilling	400	400	400	400	
11	Forløpskoordinator, 50% stilling	400	400	400	400	
12	Leasingbilar	350	500	500	500	
13	Leiarressurs bu- og miljøtenester	400	400	400	400	
14	Bu- og miljøtenester, buffer	1 200	1 200	1 200	1 200	

*Prioritert nye brukarar med 2 500 000 kr i 2021 aukande til 10 000 000 kr i 2025.

4.5.3 Grunngeving av driftstiltak

Tiltak 1: Grunnbemanning omsorgssenter og heimetenester

Styrking av grunnbemanning i omsorgssenter og heimetenester har prioritet 1 i økonomiplan 2021-2024. Kommunen har vedteke at minimum pleiefaktor (tal årsverk i pleie pr. institusjonsplass) i omsorgssenter skal vere 0,8. Spesialeiningar, som skjerma einingar, korttidseining og rehabiliteringavdeling, har behov for ein høgare pleiefaktor.

I heimetenestene er sjukdomsbiletet prega av kompleksitet og alvorlege tilstandar, i tillegg til pleie og omsorg. Tilstandar som tidlegare vart behandla i sjukehus, vert no behandla i heimen. Det skjer ei

forskyving i ansvar. Denne utviklinga vil halde fram og heimetenestene vil ha behov for ei jamnleg styrking.

Tiltak 2, 3, 4, 5: Vekst brukarar og tenesteomfang

Veksten i tal brukarar i heimetenestene skjer raskt og svingingane i tenestebehov er mindre enn før. Fleire av heimetenestene brukar langt meir personalressursar enn det dei har i bemanningsplan. Det er behov for å auke grunnbemanninga raskare enn det som ligg inne i tiltak 1 i økonomiplan 2021-2024.

Butiltak psykisk helse har fleire ressurskrevjande tenester og nye tiltak kjem til gjennom året. Dette kan vere tiltak som krev spesiell oppfølging og buform som kommunen ikkje har pr. i dag. Kommunen må i slike tilfelle kjøpe tenester av private aktørar for å løyse tenestebehovet. Statsforvaltaren i Vestland har gitt Sunnfjord kommune ansvaret for eit sær s ressurskrevjande butiltak som skal etablerast i 2022.

I bu- og miljøtenestene kjem det jamnleg til nye tiltak og ressurskrevjande tenester. Det kan vere brukarar som flyttar til kommunen, brukarar som vert vaksne, flyttar for seg sjølv og har behov for eit auka tenestetilbod, eller nydiagnostiserte brukarar. Tenestebehov endrar seg og tiltak må utvidast. Mange tiltak krev 1 til 1 bemanning, eller høgare, og eit tett samarbeid med andre faginstansar som spesialisthelsetenesta, politi, NAV m.fl.

I omsorgssenter er bemanningsplan utarbeidd ut i frå tal institusjonsplassar og type eining. Vert brukar med omfattande tenestebehov tildelt plass i omsorgssenter, så er det behov for å tilføre ressursar for å yte nødvendige og forsvarlege tenester.

Tiltak 6: Rekrutteringstiltak

Omsorgssektoren har utfordringar med å rekruttere fagpersonar i delar av tenestene. Utfordringane er størst ved omsorgssentra, men vi ser og at det til dels gjeld i heimetenester og bu- og miljøtenester. Løn er eit av dei viktigaste rekrutteringstiltaka. Det er fleire ledige sjukepleiarstillingar i einingane, og stillingar har vore lyst ledige fleire gongar. Mangel på sjukepleiarkompetanse fører til overtid, forskyve vakt og bruk av vikarbyrå. Den faglege kvaliteten på tenestene vert på sikt dårlegare. Det er viktig å ta i vare personalet som står på og strekkjer seg langt for å yte gode omsorgstenester. Sektoren ønsker å tilby eit rekrutterings- og stabiliseringstillegg for sjukepleiarar/spesialsjukepleiarar i omsorgssentra.

Tiltak 7: Einingsleiar bemanningssenteret

Etablering av bemanningssenter er eitt av tiltaka i Agenda Kaupang-rapporten. Kommuneleiinga vurderer at den beste og mest framtidsretta organiseringa er å etablere bemanningssenteret som eiga eining leia av einingsleiar. På sikt er målet at bemanningssenteret skal administrere vikarar til fleire sektorar.

Tiltak 8: Kompetanseheving

For å sikre god teneste- og fagutvikling framover, må vi ha fokus på kompetanseutvikling. Sektoren startar i 2021 arbeidet med å utarbeide kompetanseplanar.

Tiltak 9: Velferdsteknologi

Velferdsteknologiske løysingar skal bidra til meir sjølvstendige og trygge brukarar – at dei klarar seg sjølv og kan bu heime lengre, og dermed utsette behovet for omsorgsbustad og institusjonsplass. Eit viktig mål ved å nytte velferdsteknologi i tenesteytinga, er å frigjere ressursar til å yte tenester til fleire og bremse behovet for auka ressursar framover.

Alarmsentralen har fått digitalt responscenter som gir utvida mogelegheit til å nytte sensorteknologi i tenestene.

Tiltak 10: Demenskoordinator

Tal personar med demenssjukdom aukar og vil halde fram å auka i åra som kjem. Partssamansette arbeidsgrupper har vurdert korleis demensomsorga skal organiserast framover. Det er behov for ein koordinerande funksjon innan dette tenestetilbodet.

Tiltak 11: Forløpskoordinator psykiatri

Tiltakspakke psykisk helse er innført. Det er eit krav at kommunen skal ha forløpskoordinator for brukarar innan psykisk helse.

Tiltak 12: Leasingbilar

Tenestene aukar i omfang. Mange einingar er avhengige av bil i tenesteytinga. Det er behov for å legge inn ein årleg auke i leasingbilar.

Tiltak 13: Leiarressurs i bu- og miljøtenester

Ei eining i bu- og miljøtenester har ikkje assisterande einingsleiar og melder behov for 50% stilling.

Tiltak 14: Bu- og miljøtenester, buffer

Bu- og avlastingstenesta flyttar inn i nye og større lokale hausten 2021. Det vil komme til fleire brukarar som skal ha butiltak eller avlasting, og det er behov for ein buffer til å handtere denne veksten. Det ligg også inne ein liten buffer knytt til eit enkelttiltak som er i utvikling.



4.6 Kultur og idrett

4.6.1 Omtale av dei viktigaste utfordringane

- Sunnfjord kommune ligg under gjennomsnittet av kommunane i Kostragruppe 9 når det gjeld ressursbruk innan kultur og idrett. Dette høver dårleg med ambisjonen om å halde på og utvikle Sunnfjord kommune som den største og viktigaste kulturkommunen mellom Bergen og Ålesund. Det er trong for å utvikle sektoren på fleire område, som nemnt nedanfor.
- Kommunen ligg lågt når det gjeld tilskotsmidlar til frivillige lag og organisasjonar. Her kan små midlar gje svært gode ringverknader med ei opptrapping frå dagens nivå.
- Utvikling av kommunen si storstove Førdehuset, vil vere svært viktig for å få til ei gjennomtenkt løysing for heile huset og området rundt, både sett i lys av at Teater Vestland og Hafstad vidaregåande skule flyttar ut i 2023, og med planar for ny symjehall, ambisjonar om ny idrettsdel (Førde Arena) og disposisjon av uteområdet rundt huset.
- Kulturinstitusjonane kommunen er vertskap for, som Teater Vestland og Førdefestivalen har ambisjonar om utvikling og utviding av aktiviteten sin; dette vil òg krevje auka driftstilskot frå kommunen si side. Teateret har òg trong for auka driftstilskot grunna auke i husleige ved flytting til Nynorskhuset.
- Skal Sunnfjord vere attraktiv som arrangørstad for store arrangement, må kommunen kunne møte potensielle arrangørar både med økonomisk støtte og god tilrettelegging elles.
- Det er avgjerande å følgje opp investeringsbehova knytt til restaurering av hus og hage i Astruptunet som no pågår, og nytt visningscenter knytt til tunet. Investeringane her vil òg krevje auka driftsmidlar til skjøtsel og vedlikehald. Budsjettmessig ligg dette til sektoren Teknisk og miljø.
- Det er trong for å utvikle det førebyggjande ungdomsarbeidet i kommunen. Lukkast vi i dette, kan kommunen potensielt spare store midlar til hjelpetiltak i neste omgang. I dag er det berre i Førde det er etablert ungdomsklubb. Det vert no starta opp ungdomsklubb i Naustdal ved hjelp av vakanse- og prosjektmidlar. For å utvide med liknande tilbod fleire stader, er det trong for faste personalressursar til drift. Å få implementert fritids- og opplevingskort for barn og unge i låginntektsfamiljar og subsidiert halleige for barn og unge i heile kommunen er viktige tiltak for barn og unge.
- Gjennom innsparingsprosjektet i kommunen er det vedtatt innsparing innan bibliotekeringa; samstundes er det vedtatt å investere i modernisering og nye løysingar. For å kunne tilby bibliotektenester i tråd med nasjonale føringar, er det viktig å utvikle dei digitale bibliotektenestene, investere i meiopeløysingar og vidareutvikle skulebibliotektenestene.
- Kulturskuletilbodet i Sunnfjord kommune ligg volummessig under kommunar vi kan samanlikne oss med, og anbefalingane frå Norsk Kulturskuleråd, som tilrår ein dekningsgrad på 30% av born i alderen 9-15 år. Det er venteliste på fleire tilbod, og ein har til no ikkje kunna tilby undervisning innan teater/musikal, noko det er stor interesse for. Kulturskulen kan òg gripe nye moglegheiter ved å vere eit kompetansesenter utover eigen kommune. Det vil krevje ekstra ressursar for å få dette til.
- Innan friluftslivsområdet er det ynskjeleg å kunne gå inn i eit regionalt friluftsråd i samarbeid med andre kommunar. Dette kan òg gje opning for å søke på støttemidlar ein elles ikkje har tilgang til. Medlemskap føreset driftsmidlar til årleg medlemsavgift.

4.6.2 Prioriterte driftstiltak

Nr	Tiltak – kva (tal i heile 1 000 kr)	2022	2023	2024	2025	Pri.
1	Tilskotsmidlar kultur og idrett	400	500	500		
2	Husleigetilskot Dragehallen	500	500			
3	Digitale bibliotektenester	80	80			
4	Teatertilbod kulturskulen	60	100	100	100	
5	Førebyggjande tiltak for ungdom	950	1 150	1 350	1 350	
6	Arrangements- og driftsstøtte kultur		620	420	420	
7	Regionalt senter for talentutvikling	100	100	100	100	
8	Subsidiert halleige barn og unge	1 500	1 500	1 500	1 500	
9	Friluftsråd, medlemsavgift	465	465	465	465	
10	Utvikling av skulebibliotektenester		100	100	100	
11	Drift av utandørs idrettsanlegg	800	800	800	800	
12	Stell og vedlikehald av kulturminne	300	300	300	300	

4.6.3 Grunngeving av driftstiltak

Tiltak 1: Tilskotsmidlar frivilligliv kultur og idrett

Kommunen har svært avgrensa tilskotsmidlar til frivillige lag og organisasjonar innan kultur og idrett. Dei gamle kommunane utanom Førde hadde òg eit endå lægre nivå på dette enn det Førde hadde. Skal ein yte eit nokolunde likt nivå til organisasjonsdrift og tiltak elles i heile kommunen utan at nivået til organisasjonane i gamle Førde kommune vert vesentleg trappa ned, er det naudsynt å få opp nivået på tilskotsmidlane. Det trengst i tillegg ein realvekst i desse midlane for å utløyse det potensialet det frivillige kultur- og idrettslivet representerer.

Tiltak 2: Husleigetilskot Dragehallen

I tråd med tidlegare vedtak er det lagt inn husleigetilskot for leige av Dragehallen til turn tom. 2023. Innan då vil kommunen ha betre oversikt over eigen hallkapasitet i dei nye idrettshallane, og Førde vidaregåande skule vil ha eigen hallkapasitet som opnar for ny kapasitet også i Førdehuset frå 2023. Det er såleis godt mogleg at kommunen vil ha hallkapasitet til å kunne tilby ein sal til turnaktivitetar i eigne hallar etter 2023.

Tiltak 3: Digitale bibliotektenester / fokus på ny formidling

Biblioteket ynskjer å utvikle tilbodet sitt i tråd med moderne og framtidseretta litteraturformidling. Biblioteket jobbar prosjektbasert med litteraturformidling i heile kommunen, og har som mål og vere meir synlege i den virtuelle verda. Ressursane vil bli nytta til å formidle litteratur og kultur der innbyggjarane er – på kjøpesenteret, i dagsturhytta, i barnehagen, på eldresenteret og ikkje minst i sosiale media.

Tiltak 4: Teatertilbod kulturskulen

Teatertilbod – For å utvikle kulturskulen vidare med eit breiare tilbod (jamfør Rammeplan for kulturskule) ynskjer vi å tilby teaterfaget til born og unge i kommunen. Dette er eit etterspurt tilbod av mange og har vore det i mange år. Kulturskulen hadde eit svært godt samarbeid med Teater Vestland om barnemusikalen Annie i 2020, og det har resultert i ytterlegare etterspurnad etter eit slikt tilbod.

Tiltak 5: Førebyggjande tiltak for ungdom Her ligg tre delttiltak; tverrsektorielt arbeid.

Ungdomsklubbar Naustdal, Sande/Bygstad, Vassenden/Skei.

Det er stor etterspurnad etter gode møte- og aktivitetsstader for ungdom. Vi ynskjer difor å opprette



ungdomsklubbar rundt om i kommunen i tillegg til den som finst i Førde. Dette er eit viktig førebyggjande tiltak, og vil utgjere ein god aktivitetsarena og sosial møtestad for ungdomane. Våren 2021 vert det starta ungdomsklubb i Naustdal ved hjelp av prosjektmidlar og gåvemidlar. Tiltaket skjer i nært samarbeid med Frisklivs- og frivilligsenteret, nærmiljørådet o.a. Det er engasjert miljørettleiar i 30 % prosjektstilling. Det er ynskje om å opprette ungdomsklubbar etter same modell andre stader i kommunen dei komande åra.

Tiltaksmidlar til sårbar ungdom

Sunnfjord kommune manglar midlar til å sette i gang førebyggjande/tidleg tiltak for ungdom som har behov for aktivisering for å unngå å falle ut av skulen eller isolere seg. Ved å ha tiltaksmidlar kan ressursar som arbeider med ungdom kunne sette inn tiltak som kan gi god effekt for at ungdommen ikkje fortset ei negativ utvikling. Desse midlane vil bli håndtert av ei tverrfagleg gruppe som jobber mot ungdom i samband med SLT arbeidet.

Fritidskort for barn og unge

Kommunen er i gang med å utgreie fritids- og opplevingskort for born og unge frå låginntektsfamiliar i tråd med politisk vedtak. Frivilliglivet er positive til å bidra, men det trengst midlar for å dekke medlemsavgifter, noko organisasjonane ikkje sjølv kan gå inn med utan å bryte lova.

Tiltak 6: Arrangementsstøtte og auka driftsstøtte Teater Vestland

Sunnfjord kommune vil profilere seg som ein attraktiv kommune for store nasjonale og internasjonale arrangement. Då må kommunen også legge til rette for at slike arrangement blir lagt hit, både med økonomiske bidrag og på andre måtar. Indre Sunnfjord spelemannslag har fått tildelt Landsfestivalen i gammaldansmusikk i 2023, og vil vere avhengig av tilskot mellom anna for å dekke husleigeutgifter i Førdehuset for å kunne ta på seg arrangementet. Også VM i vektlifting vil bli søkt om, men her er ikkje tildeling klar. Kommunen skal òg vere ein god vertskommune for våre kulturinstitusjonar og følgje opp for utvikling av desse. Teater Vestland flyttar til Nynorskhuset i 2023. Her har kommunen allereie forplikta seg til å gje auka driftsstøtte som følgje av auke i husleige for teateret.

Tiltak 7: Regionalt senter for talentutvikling – pilot

Stortingsmelding 18 «Kunst og kultur for, med og av barn og unge» vil satse på nokre kulturskular rundt i landet som regionale senter for talentutvikling. Sunnfjord kulturskule har både kompetanse, erfaring og vilje til å drive eit slikt senter i vår region. Norsk Kulturskoleråd jobbar med å lage ein strategi for dette arbeidet framover. Deltakaravgift kan dekke noko av kostnaden, vi utfordrar Vestland fylkeskommune til å bidra med midlar og kulturskulen kan nytte eigen administrasjonsressurs.

Tiltak 8: Subsidiert halleige for barn og unge, Idrettshallane

I Førdehuset er det subsidiert treningsavgift for barn og unge 0-19 år, i tråd med ordning i tidlegare Førde kommune. Det er ynskjeleg å liknande ordning for dei andre kommunale idrettshallane i kommunen, men det medfører ein kostnad i form av reduserte leigeinntekter frå hallane. Låg treningsavgift for barn og unge stimulerer til auka aktivitet og deltaking frå born og unge frå låginntektsfamiliar. Dette er såleis viktig både i folkehelseperspektiv og som sosialt utjamnande tiltak.

Tiltak 9: Friluftsråd – medlemsavgift

Det er ynskjeleg at Sunnfjord kommune kan gå inn i eit regionalt friluftsråd. Eit friluftsråd er eit fast samarbeid mellom kommunar og ev. andre offentlege institusjonar og frivillige organisasjonar om nærare definerte felles friluftssoppgåver. Dette kan òg gje opning for å søke på støttemidlar ein elles ikkje har tilgang til. Medlemskap føreset midlar til årleg medlemsavgift, basert på tal innbyggjarar i kommunen.

Tiltak 10: Utvikling av skulebibliotektenester

Tiltaket skal stimulere til leselyst gjennom betre skulebibliotek, og auka bruk av bibliotektenester i heile den nye kommunen ved eksterne midlar og samarbeid. Det er mogleg å søke eksternt medfinansiering til tiltaket. Prosjektet vil legge til rette for at skulane i kommunen har skulebibliotek som ein god læringsarena. Ein vil prioritere dei skulane som ikkje har eit digitalisert skulebibliotektilbod i dag. Tiltaket føreset at ein vidarefører samarbeidsavtale mellom folkebibliotek og skule.

Tiltak 11: Drift av utandørs idrettsanlegg - heile kommunen

Grasbaner og kunstgrasbaner knytt til skular og i Hafstadparken i gamle Førde kommune er drifta kommunalt (100% stilling). For å kunne drifte dette kommunalt i heile Sunnfjord kommune er behovet estimert til ei 100% stilling i tillegg, samt driftsutgifter. I dag er det ulik praksis på korleis dette er løyst. Skal ein gå for kommunal drift, vil det måtte innebere leigeutgifter for idrettslaga.

Tiltak 12: Stell og vedlikehald av kulturminne

Arbeidet med å lage kulturminneplan for Jølster og Gaular-områda i kommunen er godt i gang og skal ferdigstillast i løpet av 2021. Førde og Naustdal har tidlegare laga kulturminneplanar. Vi vil samle alle desse til ein felles kulturminneplan for Sunnfjord kommune. For å følgje opp prioriterte tiltak i planen, er det viktig å ha nokre øyremerka midlar til stell og vedlikehald av kulturminna. Midlane kan ev. òg nyttast som tilskot til frivillige / organisasjonar som kan bidra med frivillig arbeid på dette feltet. Uavhengig av dette har kommunen automatisk freda kulturminne som vi er pliktige til å halde i stand.

4.7 Teknisk og miljø

4.7.1 Omtale av dei viktigaste utfordringane

Sektoren femnar om viktige samfunnsområde som dagleg møter innbyggjarane. Høg kvalitet på tenester for innbyggjarane er hovudoppgåva og målet til sektoren. Sektoren vil medverke til langsiktig tilrettelegging og planlegging for bustader, næring og samferdsel. Sunnfjord kommune sitt arbeid med klima og miljø vil bli koordinert frå sektoren.

Kommuneplanen sin arealdel

Sunnfjord må vere ambisiøs i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel (KPA). Nokre utgreiingstema må kjøpast, men målet er å gjere mest mogleg sjølv innanfor dei økonomiske rammene. Vi skal no utarbeide den første arealplanen for heile Sunnfjord kommune. Utfordringa er å vere prinsipiell framfor å lage ein detaljert plan. Målet er ein plan som er med å legge til rette areal for vidare utvikling av bu- og arbeidsregionen med tanke på samfunn, offentleg og privat verksemd. Vi ser at innteninga på tenesteområdet byggesak er høg, og vi må sjå på kva som er årsaka til dette.

Reinhald og vaskeri

Utfordringane til reinhald og vaskeri er høgt sjukefråvær, gammal maskinpark, stor utfordring i å få tak i nok arbeidskraft, samt manglande ressursstyringssystem. Ein bør i løpet av dei 2 neste åra skifte ut det meste av maskinparken og få på plass eit ressursstyringssystem. Ved å skifte ut maskinparken og gå over til meir maskinelt reinhald, vil ein ha mindre belastning på dei tilsette, som igjen vil ha innverknad på sjukefråværet. Eit ressursstyringssystem vil gjere det lettare for eininga å bli digitale, dokumentere utført reinhald og eit positivt arbeidsreiskap for reinhaldarane, som gjer at arbeidsbelastninga blir meir riktig med tanke på stillingsprosent. Eininga vil også kunne hente ut effekten av samanslåinga på ein betre måte, som gjer at vi kanskje ikkje vil ha like stort behov for ny arbeidskraft som no.

Klimaomstilling

Oppfølging av Klimaomstillingsplanen for 2019-2030 skal skje gjennom eit klimabudsjett som erstattar handlingsprogrammet for 2019-2022. Eit førebels klimabudsjett er utarbeidd med utgangspunkt i kommunedirektøren si tilråding om mål for utsleppskutt i kapittel 1.2. Gjennomføring av tiltaka i klimabudsjettet føreset øyremerka midlar innanfor drift og investering, eksterne tilskot og betydeleg eigeninnsats på tvers av organisasjonen.

Kartlegging av naturskade – sikring mot flaum, ras

For å tilfredsstillе dagens krav til tryggleiksklassar, er det mange eksisterande bustadområde og bebyggelse som må sikrast mot flaum og skred. Behovet for tilskotsmidlar er langt større enn ramma NVE disponerer (per i dag). Økonomiplanen reflekterer ei avgrensa avsetning til desse formåla. Det vil bli utarbeidd tiltaksplan for Sunnfjord kommune med oversyn over moglege handlingar.

Kommunale bygg

I 2020 har Sunnfjord kommune hatt eit vedlikehaldsbudsjett på ca. 50 kr per m² bygningsmasse. Anbefalt nivå er 200 kr. pr. kvm. For å unngå verdireduksjon av kommunens bygningsmasse er det i framtida nødvendig å auke årleg vedlikehaldsbudsjett. I 2021 fekk eininga auka driftsramma med kr. 1.5 mill. Den summen er brukt på drift og vedlikehald av nye bygg (idrettshallane, kulturskule, mm). Per dags dato ligg Sunnfjord kommune difor fortsatt på kr. 50 /m² når det gjeld vedlikehald av bygningsmasse, noko som ikkje er økonomisk forsvarleg. Vedlikehaldsetterslep aukar difor med 20-25 mill. kr kvart år.

Bustader

Sunnfjord kommune har i 2020 jobba med å få oversikt over bygningsmassen sin når det gjeld bustader. Ressursar til vedlikehald er lågt, og då særleg ved ekstraordinære skader. Ubalanse mellom budsjettet

inntekt for 2021 og prognose på inntekt er stor. Ressursar til vedlikehald er lågt, og då særleg ved ekstraordinære skader.

Vegar og samferdsel

Sunnfjord kommune sitt driftsbudsjett for vegvedlikehald vart redusert med 4,5 mill. kr. i 2020. Driftsbudsjettet for 2021 vart auka med 6,5 mill. i høve til budsjettet for 2020, for å dekke kostnadene med nye brøytekontraktar (FORM-184/20). Driftsbudsjettet for 2021 er på 30,321 mill. kroner. Teknisk drift overtok også administrasjon av brøytekontraktar frå FDV, med tilhøyrande budsjett på 275 000 kr. Det viste seg at dette ikkje dekkar dei reelle brøytekostnadene, som utgjer ca 1,5 mill. kroner. Konsekvensen av overtakinga er at øvrig vegvedlikehald er sterkt redusert for å kompensere for underbudsjetteringa.

- Manglande grusing av kommunale vegar.
40 %, ca. 120 km, av vegnettet er grusvegar.
- Manglande vedlikehald av bruer.
Sunnfjord kommune eig 93 bruer, og SafeControl har kalkulert utbetningsbehovet til ca. 14 mill. kr. Rapporten har ikkje kalkulert reine drifts- og vedlikehaldsoppgåver.
- Manglande grøfterensk.
Dette medfører auka vasskader på veggrunn og vegbane.
- Stort etterslep av skogrensing langs vegane.
Vi får jamleg varsel frå transportbedrifter om stans av både person- og varetransport, med mindre vegar og siktilhøva vert utbetra.
- Drift og skjøtsel av parkar og grøntområde.
- Auka drifts- og vedlikehaldsbehov til nybygd infrastruktur, som t. d. brøyting rundt nye hallar og bustadområde.
- Fleire og strengare forskriftskrav.

Med dette som bakkgrunn har eininga føreslege å auke driftsbudsjettet med 5,2 mill. for å hindre ytterlegare forfall av vegnettet vårt. Dette inkluderer personellressursar til å oppretthalde nødvendig vedlikehaldsaktivitet.

Brann og redning

Brannberedskapen på dei 6 lokalsjonane i ny kommune er basert på eksisterande struktur. Med unntak av Førde, er det utfordrande å rekruttere brannmannskap i tettstadene der brannstasjonane ligg og som samstundes har sitt daglege virke her. Dette krev stadig rekruttering og opplæring av nye tilsette i deltidsstillingar. Eininga har underdekning på personell i leiinga innan både brannførebyggjande og brannberedskap i høve til sentrale forskriftskrav. Dette vert dekkar inn i vedteken revidert brannordning.

For å møte forskriftskrav til garderobetilhøve må det investerast i brannstasjonane på Vassenden, Skei og Førde. Garderobetilhøva på brannstasjonane har fått avvik frå Arbeidstilsynet grunna mangel på skilje mellom rein-/urein sone, dusj/wc, samt dame/herregarderobe. Brannvesenet bør skifte ut køyretøy og utstyr i økonomiplanperioden. Ei særleg utfordring har vore å få på plass ei ny brannordning for heile den nye kommunen. Kompetanse og erfaring er særleg viktig. Det har brannmannskapa i dag. Utfordringa er å skape ei overordna brannorganisasjon tufta på felles mål og gjensidig tillit. Økonomiplanen 2021 – 2025 tar tak i dette.

VA (vatn og avløp)

Høg forsyningstryggleik av vatn er avhengig av sanering av gamle nett, reservekapasitet og



hygienetiltak. Det er laga ein plan over alle tiltaka innan VA der dei enkelte prosjekta er prioritert. Plan for investeringar i VA gir ei samla oversikt over tiltak henta frå tidlegare og gjeldande hovudplanar, tekniske planar, ROS-analysar og utbyggingsplanar, fordelt på ca 280 kalkulererte einskildtiltak.

Dei siste åra har store «eksterne» utbyggingstiltak og tilhøyrande nye VAO anlegg, slik som Førdepakken og utbygging av nye nærings- og industriområde, lagt beslag på store deler av årlege investeringsråmer og prosjektleiar-ressursar. Dette har ført til eit aukande etterslep.

Eitt av måla i plan for vatn, avløp og vassmiljø er ei årleg fornying av VA-nettet på 1 %, som samsvarar med den overordna målsettinga om 100 år levetid. For Sunnfjord kommune utgjør dette i snitt ca. 15 mill kroner pr år. Kommunestyret i Sunnfjord gav difor si tilslutning til ein ny strategi, der alle fornyingstiltak skal finansierast over driftsbudsjettet, med ei opptrapping over 5 år, samtidig som vi reduserer investeringsbudsjettet tilsvarande til kun finansiering av nye anlegg. Strategien føreset årleg indeksregulering av VA- gebyra på 3,0 %, i tråd med løns- og prisvekst. (KST-061/20)

Denne stegvise overføringa til driftsbudsjettet medfører redusert låneopptak, og dermed også reduserte kalkulatoriske rente- og avdragskostnader. Rekneskapen for VA i 2020 viser at denne strategien gir oss det handlingsrommet vi har planlagt, innafor vedteken gebyr-råme med årleg indeksregulering på 3 %.

4.7.2 Prioriterte driftstiltak

Nr	Tiltak – kva (tal i heile 1 000 kr)	2022	2023	2024	2025	Pri.
1	Lov-/forskriftskrav brann – utdanning, stillingsberedskap, husleige stasjon Vassenden	3 500	3 500	3 500	3 500	3
2	Underdekning – byggvedlikehald (lov-/forskriftskrav)	1 000	1 000	1 000	1 000	4
3	Drift av nye bygg/hallar	1 000	1 000	1 000	1 000	6
4	Brann – auka ramme grunna krav utdanning og leige Vassenden	500	500	500	500	
5	Underdekning – vegvedlikehald	5 200	5 200	5 200	5 200	
6	Vedlikehalda bygg	1 500	1 500	1 500	1 500	
7	Kartlegging geofare – sektorvergripande	500	500			
8	Gartnar Astrupsenteret		500	500	500	
9	Reinhald nye hallar	500	500	500	500	
10	Drift nye bygg	500	500	500	500	
11	Klimaomstilling – eigendel	200	200	200	200	
12	Kommuneplan sin arealdel	500	500			
13	Vaktmesterteam + materiell	5 200	7800	7800	7800	
14	Bilar, utstyr teknisk drift	400				
15	Anleggsgartnar	600	600	600	600	

4.8 Prioriterte driftstiltak - Oppsummert

Siste del av kapittel 3 omhandlar konsekvensjustert økonomiplan 2022-2025. Det er oppsummert eit positivt handlingsrom på 16,2 mill. kroner i 2022 aukande til 21,9 mill. kroner i 2025. Innanfor dette handlingsrommet er det prioritert driftstiltak ut frå behov omtalt i kapittel 4.

Kapittel 4.1 til og med 4.7 presenterer behov for driftsmidlar innanfor dei ulike sektorane. Behova summerer seg til 116 mill. kroner i 2022 til 138 mill. kroner i 2025

Prioritering av driftstiltak har lagt vekt på at auken i brukarar vil skje innan omsorg. I tillegg er det lagt vekt på at arbeidsgruppa for effektiviserings- og innsparingstiltak innan oppvekst og kultur har bidrege med ca. 6 mill. kroner meir enn dei andre arbeidsgruppene i 2023 og 2024. Det er lagt vekt på at dette bidraget skal kome oppvekstsektoren til gode

Prioriterte driftstiltak er oppsummert i tabellen nedanfor. Tiltak markert med grønt er finansiert innanfor handlingsrommet.

Sektor	Tiltak - kva	2022	2023	2024	2025	Pri.
Omsorg	Vekst brukarar i heimetenestene/omsorgssenter	3 500	6 000	8 500	11 000	1
Skule	Vedlikehald og fornying av datamaskiner og digitale læremiddel/lisensar	1 000	2 000	3 000	3 000	2
Teknikk og miljø	Lovkrav/forskriftskrav – utdanning, stilling beredskap, husleige stasjon	3 500	3 500	3 500	3 500	3
Teknikk og miljø	Underdekning – byggvedlikehald	500	1 000	1 000	1 000	4
Helse og sosial	Lisensar Visma, RS, EPJ	100	100	100	100	5
Teknikk og miljø	Drift av nye bygg/hallar	1 000	1 000	1 000	1 000	6
Kultur og idrett	Tilskotsmidlar til frivilliglivet, kultur og idrett – opptrapping	400	500	500	500	7
Kultur og idrett	Tilskot til leige av Dragehallen (turn og klatring)	500	500			8
Kultur og idrett	Digitale bibliotektenester og fokus på ny formidling	80	80			9
Kultur og idrett	Teaterilbod kulturskulen	60	100	100	100	10
Helse og sosial	Driftskostnader som ikkje er komen med i 2020 budsjettet	580	580	580	580	11
Skule	To nye fagstillingar i PPT (styrke kompetanseteam)	1 000	1 000	1 000	1 000	12
Barnehage	Kompetanseteam	1 000	1 000	1 000	1 000	12
Barnehage	Spes.ped og styrking	1 500	1 500	1 500	1 500	13
Stab og støtte	Handlingsplan digitaliseringsstrategi	2 000	2 000	2 000	2 000	14
Barnehage	Pedagognorm (fleire barnehagar går på disp.)	2 400	2 400	2 400	2 400	15
Skule	Auke i tal timar til tilpassa opplæring med 40 veketimar (60 min)	2 000	2 000	2 000	2 000	16
Helse og sosial	Fullfinansiering av utekontakt stilling	290	400	730	730	17
Helse og sosial	Butilbod i ein anna kommune, enkeltbrukar	490	480	480	480	18
Stab og støtte	Lærlingar - delfinansiering (frå 1 til 2 lærlingar pr. 1000 innbyggjar)	500	1 000	1 500	2 000	19
Omsorg	Omsorgssenter; rekrutteringstiltak	2 300	3 000	3 500	4 000	20
Stab og støtte	Lønspott til harmonisering	2 000	2 000	1 000		21
Helse og sosial	Kompensasjon for meldt gradvis reduksjon av styrkingsmidlar skulehelsetenesta	500	500	500	500	22
Helse/kultur og idr	Førebyggjande tiltak for ungdom	950	1 150	1 350	1 350	23
Skule	Leirskule, lovfesta tiltak	500	500	500	500	24
Teknikk og miljø	Vegvedlikehald - vektklasse problematikk	300	300	300	300	25
Teknikk og miljø	Underdekning – vegvedlikehald	2 200	2 200	2 200	2 200	25
Helse og sosial	Fysio/ergoterapei: fullfinansiering av stilling som turnusfysioterapeut	300	300	300	300	26
Stab og støtte	Innkjøpsressurs (vedtak om å ikkje delta i innkjøps samarbeid)	650	650	650	650	27
Teknikk og miljø	Reinhalld hall på Skei og Halbrend	500	500	500	500	28
Barnehage	Kontinuerleg barnehageopptak	500	500	500	500	29
Kultur og idrett	Arrangements- og driftsstøtte (Landsfestivalen g.d. musikk/ Teater Vestland)		620	420	420	30
Skule	Nye elevar i skulen med behov for spes.ped.	1 500	1 500	1 500	1 500	31
Stab og støtte	Kreftkoordinator – auke frå 50 % til 100 %	425	425	425	425	32
Barnehage	Tilskot til private barnehagar	1 500	1 500	1 500	1 500	33
Stab og støtte	Jurist med kompetanse innan barnevern - delfinansiering	500	500	500	500	34
Helse og sosial	Bereidsgodtgjersle og kompensasjon koordinering Best trening	750	750	750	750	35
Omsorg	Einingssleiar bemanningssenter	1 000	1 000	1 000	1 000	36
Kultur og idrett	Subsidiert halleige for barn og unge, Idrettshallane	1 500	1 500	1 500	1 500	37
Teknikk og miljø	Vaktmeister Astruptunet	500	500	500	500	38
Teknikk og miljø	Drift som følgje av nye bygg (eks. reinhalld)	500	500	500	500	39
Omsorg	Auke i ressurskrevjande tenester/fleire brukarar	21 225	21 225	21 225	21 225	40
Teknikk og miljø	ENØK	500				
SUM		63 000	68 760	72 010	74 510	

Tabell er ajourført i samsvar med kommunestyrevedtak 073/21.

5 Investeringar

5.1 Investeringsbehov og planar for kommunen

Det er lagt til grunn handlingsregel om at lånegjelda ikkje skal auke i planperioden 2022-2025, med unntak av kjøp av Hafstad vgs i 2023 til ca 100 mill. kroner.

Tabellen på neste side viser prioriterte investeringar i gjeldande økonomiplan og forslag til prioriteringar i økonomiplan for perioden 2022 – 2025.

5.2 Finansiering

Årleg låneopptak er 95 mill. kroner. Dette er same beløp som kommunen har budsjettert i årleg avdrag. Lånegjelda vil på denne måten ikkje auke. I tillegg kjem eigenkapital gjennom årleg overføring frå drift til investering på 38,7 mill. kroner i 2022 aukande til 46,3 mill. kroner i 2025. I tillegg kjem låneopptak i Husbanken på 60 000 000 kroner.

Sektor	Tiltak - kva	Gjeldande økonomiplan				Forslag til økonomiplan			
		2021	2022	2023	2024	2022	2023	2024	2025
Stab og støtte	Førdepakken - kommunal del	28 000	28 000	28 000		28 000	28 000	1 350	
Stab og støtte	Førdepakken - anleggsbidrag utbyggingsavtale	- 2 500	- 2 500	- 2 500		- 2 500	- 2 500		
Stab og støtte	Eigenkapitalinnskott - KLP	4 500	4 600	4 700	4 800	4 600	4 700	4 800	4 900
Stab og støtte	IKT-investeringar (møteromsutstyr, datasenter, felleskost.)		1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Stab og støtte	Sunnfjord kyrkjelege fellesråd (eiga oversikt)	4 059	4 195	4 500	4 430	4 302	4 783	4 574	4 425
Stab og støtte	Sunnfjord kyrkjelege fellesråd (eigne fond)						- 200	- 50	
Stab og støtte	Sunnfjord kyrkjelege fellesråd (omdisp. tidl. løyving)	- 750		- 1 150		- 156	- 1 250		
Skule/BEF	Uteområde Sunde skule		3 500						
Skule/BEF	Uteområde Skei skule			3 500					
Skule/BEF	Uteområde Vassenden skule				3 500				
Skule/BEF	Uteområde ved skular					3 500	3 500	3 500	3 500
Skule/BEF	Delfinansiering av uteområde ved spelemidlar	- 750	- 750	- 750		- 750	- 750	- 750	- 750
Skule	Fornyng av lærebokar i samband med LK20					500	500	500	500
Skule/BEF	Førde barneskule								15 000
Barnehage	IKT-utstyr tilsette	350	350	350	350	250	250	250	250
Barnehage	IKT-utstyr barn	100	100	100	100	100	100	100	100
Barnehage	Vedlikehald av barnehagane sine uteområde					100	100	100	100
BEF/Helse og sosial	Div. ombygging, legekontor på Sande, Fysio/ergoterapi, Psykisk helse og rus	2 300							
Helse og sosial	Digitalisering, diverse utstyr		300		100	300		100	
Helse og sosial	Utsifting PC park, auke investeringsbudsjettet	200	200	200	200	200	200	200	200
BEF/Helse og sosial	Kjøp av 2 rusbustader og tomt til minihus					4 000			5 000
Helse og sosial	Fornyng inventar inkl. Husstellfagskule					300			
Omsorg	Butiltak Psykisk helse, 10 omsorgsbustader (sjølvfin.)			20 653		200	23 807		
Omsorg	Butiltak Psykisk helse, 10 omsorgsbustader - husbanktilskot			-5 993			- 6 967		
Omsorg	Pasientvarslingsystem/låsesystem - oppgradering	2 500							
Omsorg	Datautstyr; oppgradering pc'ar og trådløst nettverk	300	300	125	125	100	125	125	125
Omsorg	Hjelpemiddel, sengar og nattbord	100	100	100	100	200	100	100	100
Omsorg	Inventar og utstyr	100	100	100	100	200	100	100	100
Omsorg/BEF	Påbygging/ombygging (omfattande liste)		10 000			10 000			
Omsorg/BEF	Kapasitetsutviding bustad eldre				26 796			26 796	
Omsorg/BEF	Kapasitetsutviding bustad eldre - (husbanktilskot)				- 7 776			- 7 776	
Omsorg/BEF	Riving/modernisering av Pensjonistheimen								5 000
Kultur og idrett	Skifte ut utstyr, Kino Førde	2 760							
Kultur og idrett	Mulighetsstudie av Førdehuset, 3-D-modell	500							
Kultur og idrett	Folkemusikkinstrument - inntekter i drift på utleige	300	305	605		305	605		
Kultur og idrett	Førde bibliotek - oppgradering, utvikling og meirope		100	350	350	1 730			
Kultur og idrett	Førde bibliotek - oppgradering, utvikling og meirope - ekstern fin					- 830			
Kultur og idrett	Utsifting av lys i idrettshall - Førdehuset		1 570			1 570			
Kultur og idrett	Utskrifting av lys i idrettshall - spelemidlar	- 467				- 467			
Kultur og idrett	Astruptunet - kommunal andel					2 200	3 600		
Kultur og idrett	Garasjebygg og toalett Hafstadparken					3 125			
Kultur og idrett	Mva-refusjon, spelemidlar, ekstern støtte					- 2 224			
Kultur og idrett	Oppgradering av Førdehuset							6 000	9 000
Teknisk og miljø	Miljø: Sikring mot naturfare	1 000	1 000	1 500	1 500	1 000	1 500	1 500	1 500
Teknisk og miljø	Miljø: Klimaomstillingsplan					300	300	300	300
Teknisk og miljø	Brann: stasjon/teknisk drift – Skei og forprosjekt Førde	6 000	2 000			9 700			
Teknisk og miljø	Brann – utstyr, brannbil, kommandobil		1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500
Teknisk og miljø	Golvmaskin, moppevasker, anna reinhald	1 250	200	200	200	200	200	200	200
Teknisk og miljø	Rehabilitering bygg – (detalj i plan)	6 000	12 000	14 000	14 000	10 000	12 000	12 000	12 000
Teknisk og miljø	ENØK – kommunale bygg	6 500	7 000	7 000	7 000	6 000	6 000	6 000	6 000
Teknisk og miljø	Bustader - sal av bustader	- 5 000							
Teknisk og miljø	Sande skule	15 000	15 000	20 000	20 000		11 500	33 450	65 050
Teknisk og miljø	Intensjonsavtale om kjøp av Hafstad vgs			100 000			100 000		
Teknisk og miljø	Ny 4 avd. barnehage på Slåtten inkl. grunnerverv	36 000							
Teknisk og miljø	Sal av Tusenfryd	- 8 000							
Teknisk og miljø	Symjebasseng – Førdehuset	2 000			82 376			83 000	
Teknisk og miljø	Symjebasseng - Førdehuset (spelemidlar)				- 32 760			- 32 760	
Teknisk og miljø	Gaular idrett og fritidspark, Bygstad	13 505							
Teknisk og miljø	Friskhus Naustdal		23 100	25 500		18 050	30 550		
Teknisk og miljø	Uteareal/parkering friskhus Naustdal		12 600			12 600			
Teknisk og miljø	Astruptunet – visningssenter				34 500				34 500
Teknisk og miljø	Astruptunet – visningssenter (tilskot)				- 24 000				- 24 000
Teknisk og miljø	Gamblebanken i Førde ref. BY 064/19		3 000			3 000			
Teknisk og miljø	Kommunale vegar (detalj i plan)	6 500	11 250	6 250	6 250	8 580	7 250	7 250	7 250
Teknisk og miljø	Trafikktryggleiksplan (eigenandel)	4 375	4 375	3 200	3 200	3 750	3 750	3 750	3 750
Teknisk og miljø	Teknisk drift: maskiner og utstyr	1 250	1 250	1 250	1 250	1 250	1 250	1 250	1 250
Teknisk og miljø	Helgåsvegen			5 600	4 400		5 600	4 400	
Teknisk og miljø	Sunnfjord næringspark	20 000	20 000			20 000			
Teknisk og miljø	Sal av tomter Sunnfjord næringspark	- 20 000	- 20 000			- 20 000			
VAR	Tiltaksplanar VAO	14 000	17 000	17 000	17 000	17 000	17 000	17 000	17 000
	Eigenandel til sykkelparkeringsprosjekt	125	125	125	125	125	125	125	
	SUM BRUTTO PRIORITERTE INVESTERINGSTILTAK (heile tusen)	143 324	162 403	257 015	169 966	152 910	258 328	179 984	174 850
	MOMSKOMPENSASJON	-23 489	-23 304	-22 113	-41 135	-20 182	-23 299	-39 624	-34 540
	ÅRLEG INVESTERINGSRAMME (AVDRAG+EK)	-119 830	-132 764	-135 079	-140 310	-132 764	-135 079	-140 310	-140 310
	BROT HANDLINGSREGEL			-100 000			-100 000		
	DIFFERANSE	0	0	0	0	0	0	0	0

5.3 Prosjektomtale

5.3.1 Førdepakken

Tidlegare Førde kommune, no Sunnfjord kommune, har forplikta seg til å bidra med 150 mill. kroner til finansiering av Førdepakken. Fylkeskommunen og staten går inn med tilsvarande beløp. Årleg beløp er fordelt over åra 2018-2023. Beløpet skal indeksregulerast årleg. Det pågår avklaring av kva indeksregulering utgjør. Det er lagt inn noko midlar til dette i 2024.

5.3.2 Eigenkapitalinnskot – KLP

KLP er eigd av kommunane og vi må derfor årleg bidra med eigenkapitalinnskot tilsvarande veksten i KLP. Eigenkapitalinnskotet kan ikkje lånefinansierast.

5.3.3 IKT-investeringar og digitalisering

Stab og støtte

Møterom, datasenter og felleskostnader

Barnehage

IKT-utstyr til barn for å støtte krava i rammeplanen om å ha ein digital praksis der barn kan drive med lek og læring og vere kreativ. IKT-utstyr til tilsette for å ha gode arbeidstilhøve for leiing, pedagogar og øvrige tilsette.

Helse og sosial

Digitalisering og diverse utstyr. Utsifting av PC-park.

Omsorg

Datautstyr, oppgradering pc'ar og trådløst nettverk.

5.3.4 Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

Behov for investeringar i kyrkjebygg, kyrkjegardar, parkeringsplass, ny tenestebil, piano m.m. Fullstendig omtale av innspel frå Sunnfjord kyrkjelege fellesråd følgjer som vedlegg.

5.3.5 Uteområde (skule)

Det er tre skular som har behov for å utbetre uteområdet. Det låg ikkje inne midlar til uteområdet når Sunde skule vart utbygd. Skulen manglar utstyr for at elevane skal få eit tilfredsstillande uteområde. Vassenden skule sitt uteområde har manglar, etter at hallen vart bygd. Når Vassenden skule vart lokalisert i to bygg, vart ikkje uteområdet ved ungdomsskulen utbetra. Skei skule har fått redusert uteområdet på grunn av utbygging av hallen. Dei har ikkje tilgang på utstyr og området har generelt behov for rehabilitering. Tryggleiken til elevane er påverka om vinteren, fordi det rasar store mengder snø frå hallen og ned på skuleplassen. Dei tre skulane har utarbeidd planar som grunnlag for prioriteringane i økonomiplanen. Midlane blir lagt inn som ein felles sum, slik at handlingsrommet blir større for å vurdere tidspunkt for å starte arbeidet ved dei ulike skulane. Uteområda vil delvis være finansiert av spelemidlar.

5.3.6 Lærebøker (skule)

Fagfornynginga og nye læreplanar (LK20) inneber ei omfattande endring. I tillegg til digitale løysingar er det eit stort behov for å skifte ut lærebøker. Kommunen får støtte frå Utdanningsdirektoratet til innkjøp



og fornying av læremiddel, men kommunane må samstundes stille med eigenandel. Det er lagt inn til saman 2 mill. kroner i økonomiplan perioden.

5.3.7 Førde barneskule

Det er utarbeidd ein rapport for Førde barneskule som konkluderer med at det er behov for å investere 80 mill. kroner inkl. mva. 23 mill. bør nyttast innan 1 – 5 år. I samband med plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune, skal det utgreiast ei flytting av Førde barneskule frå 2024. Før utgreiinga er gjennomført, er det ikkje lagt inn midlar i økonomiplanen. Det er lagt inn 15 mill. kroner inkl. mva frå 2025. Uavhengig av konklusjon vil det vere behov for å nytte midlar inn mot Førde barneskule. Om skulen blir flytta til noverande Førde ungdomsskule, vil det vere behov for utbygging og tilpassingar.

5.3.8 Vedlikehald av barnehagane sine uteområde

Det er meldt inn behov for midlar til vedlikehald av barnehagane sine uteområde.

5.3.9 Kjøp av 2 rusbustadar og tomt til minihus

Sunnfjord kommune har ikkje tilpassa bustader for dei som aktivt rusar seg. Dei må stadig flytte frå kommunale leiligheiter i bustadbyggelag, og fleire bur i omsorgsbustader der det er mange sårbare som bur. Det er opp under 10 stk. som ein til ulike tidar er uro rundt busituasjonen. I økonomiplanen er det spelt inn behov for kjøp av 2 bustader og kjøp av tomt til Minihuset. Dette vil dekke det akutte behovet som er i 2021. Totalkostnad her er kalkulert til ca. 9 mill. I tillegg er det meldt inn behov for bufelleskap for denne grupa, der ein må bygge 3-4 leiligheiter med personalbase i nærleiken. Kostnadsberekna til ca. 12 mill. kr, dette tiltaket har ikkje fått plass i økonomiplanperioden.

5.3.10 Fornyng av inventar inkl. Husstellfagskulen

Einingane Psykisk helse og heimetenesta vil flytte inn i Prestebøen 8 i løpet av hausten 2021. Ein har prøvd å samle gamle skrivebord, møtebord og skåp i frå dei gamle kommunehusa. Ein ser at ein del av det er gammalt og at ein ikkje får dekkja inn heilt for det ein har behov for. Einingane treng litt midlar for å kjøpe inn møtebord, stolar og anna inventar slik at ein får ein ok arbeidsplass å vere på.

5.3.11 Butiltak Psykisk helse, 10 omsorgsbustader

Sunnfjord kommune har eit aukande tal brukarar som er alvorleg psykisk sjuke, har dårleg buevne og som går i ein «loop» mellom innlegging i spesialisthelsetenesta og eigen bustad. Fleire av desse treng tettare oppfølging enn det kommunen klarar å gje i dag. Dei treng døgntinuerleg oppfølging i eigna bustadar med moglegheit til fellesrom og å få måltid servert. Det er føringar frå Helsedirektoratet på at desse brukarane bør få eit betre og framtidretta tilbod.

I økonomiplanen ligg det inne som prioritert tiltak å bygge 10 omsorgsbustadar til denne brukargruppa i 2023. Husbanken dekker 45% av kostnadane til bustadane og fellesareal, inntil kr 1 588 000 pr. bustad. Det er behov for å gjere eit forprosjekt for å planlegge denne utbygginga i 2022, og det er sett av kr 200 000 av totalkostnadane til dette.

5.3.12 Hjelpemiddel, inventar og utstyr

Omsorgssentra har behov for å skifte ut defekte hjelpemiddel som rullatorar, rullestolar, sengehestar, samt sengar og nattbord. Mange av desse er gamle og ikkje mogleg å reparere når dei vert øydelagde.

Det er stor slitasje på møblar, bord og stolar, i brukarrom, fellesrom og personalrom som må skiftast ut innimellom. Omsorgssentra har ein del utstyr på skyllerom: vaskemaskiner, dekontaminatorar, destruksjonsmaskiner, som også må skiftast når dei er utslitne. Dette er kostbare maskiner.

5.3.13 Påbygging/ombygging (omfattande liste)

Førde bu- og miljøteneste, eining 1 og 3, har lite tilpassa personalbasar. Det er leilegheiter som er omgjort til personalbase. Personalbasane er små, manglar gode kontor, arbeidsstasjonar og garderobeløysing. Kjøkken og bad er slite. I tiltaket ligg det inne utbetring av desse personalbasane.

Sande omsorgssenter har behov for å bygge om medisinrom og få montert avtrekk.

Det er behov for å spesialtilpasse ein omsorgsbustad til ressurskrevjande teneste.

5.3.14 Kapasitetsutviding bustad eldre

Den demografiske utviklinga tilseier at tal eldre er i sterk vekst fram mot år 2050. Utviklinga vil føre til auka behov for tenester og for fleire omsorgsbustadar og institusjonsplassar. Det er viktig at kommunen allereie no planlegg for eit utvida tenestebehov. Ei tverrfagleg arbeidsgruppe har starta arbeidet med å vurdere framtidig behov for omsorgstenester.

Husbanken dekker inntil 45% av kostnadane pr. omsorgsbustad (maks. kr 1 588 000) og 55% av kostnadane pr. institusjonsplass (maks. kr 1 941 000).

5.3.15 Riving modernisering av Pensjonistheimen

Pensjonistheimen i Førde har 22 små utleigehusvære. Husværa er svært slitne og det er ei nøye vurdering av kven som kan få tildelt desse bustadane. Pensjonistheimen er ikkje universell utforma og brukarar med hjelpemiddel, som t.d. rullestol, kan ikkje bu der. Det har lenge vore ønske om å fase ut pensjonistheimen, men det har blitt utsett fleire gongar. I framtida vil kommunen ha behov for eit variert tilbod av utleigebustadar. Utarbeiding av bustadsosial handlingsplan vil gje nokre svar på dette. Om pensjonistheimen kan moderniserast til å dekke noko av bustadbehovet, bør vurderast.

Kommunen har kjøpt 14 omsorgsbustadar i Apotekargarden som vi overtek ved årsskiftet 2021/2022. Det vert då mogleg å tilby bebuarar ved pensjonistheimen nye husvære, og vi kan starte med å planlegge riving eller modernisering av pensjonistheimen.

5.3.16 Folkemusikkinstrument til undervisning

I 2019 tilsette kommunen to nye distriktsmusikarar innan folkemusikk i Kulturskulen. Det er naudsynt å bygge opp ein instrumentpark til utleige til elevar innan dette feltet når ein no får auka etterspørsel etter tilbodet.

5.3.17 Bibliotek – oppgradering, utvikling og meirope

I samband med innsparingsprosjektet i kommunen, vart det vedtatt tiltak ved fire av avdelingane innan bibliotekeringa. Dette inneber investeringar, mellom anna til «meiropeløysing» for Førde og Naustdal bibliotek. Meiropeløysing gjev brukarane tilgang til biblioteket utanom normal opningstid ved hjelp av adgangsbrikke.

5.3.18 Utskifting av lys i idrettshallen, Førdehuset

Idrettshallane i Førdehuset har ikkje god nok lysstyrke til å vere godkjent av handballforbundet for kampar i elite- og 1. divisjon. Førdehuset har sidan sommaren 2019 hatt dispensasjon frå kravet, denne gjekk ut 30.04.20.

5.3.19 Astruptunet - kommunal andel restaurering av hus og hage

Det store restaureringsprosjektet av hus og hage i Astruptunet starta i 2020, med 10 mill. kroner i støtte frå Sparebankstiftelsen DNB. Det er forventa at Sparebankstiftelsen gjev

ytterlegare støtte til prosjekt i perioden 2021-2023. Det er viktig at kommune òg følger opp med eigne midlar i prosjektet.

5.3.20 Garasjebygg og toalett i Hafstadparken

Hafstadparken er mykje nytta både til trening, leik og annan aktivitet. Det er stor trong for toalettfasilitetar, særleg når klubbhuset er stengt for dagen. Kommunen og idrettslaget har òg mykje utstyr som det er behov for å kunne setje under tak for at levetida ikkje skal redusertast kraftig. Førde idrettslag har søkt Sparebanken Sogn og Fjordane og fått ei løyving på kr 500 000. Det er òg mogleg å få spelemidlar til tiltaket.

5.3.21 Oppgradering av Førdehuset

Den eldste delen av Førdehuset er frå 1976. Det er trong for oppgradering, særskilt av denne delen av huset. Når Teater Vestland og Hafstad vidaregåande skule, som leiger lokale i Førdehuset i dag, flyttar til Nynorskhuset og Førde campus i 2023, må ein gjere tiltak for å få inn ny aktivitet i huset. Arbeidet med ein moglegheitsstudie for å sjå på løysingar for dette er i gang. Det er òg vedtatt å lage ein strategiplan for Førdehuset. Det er viktig å sikre utvikling av huset for å møte nye utfordringar og moglegheiter.

5.3.22 Miljø: Sikring mot naturfare / klimaomstillingsplan

Løyvinga omfattar mindre rehabilitering av rasvollar og tryggleikstiltak for å sikre mot flaum og skred m.m. Her er også avsett midlar til vidare arbeid med klimaomstillingsplanen.

5.3.23 Brann: stasjon/teknisk drift – Skei og forprosjekt Førde

Sunnfjord kommune er pålagt av Arbeidstilsynet å oppgradere brannstasjonane i Førde og på Skei. Kravet gjeld etablering av garderobe med sone for av- og påkledning av «rein» og «urein» bekledning m.m. Stasjonane har heller ikkje garderobe for kvinner. Det er utarbeidd planar for brannstasjonen på Skei, i samsvar med naudsynte krav frå arbeidstilsynet. Kostnaden har auka mykje i høve tidlegare økonomiplan. Det er også teke med oppgradering av teknisk drift sine lokale på Skei. Det er lagt til grunn betydelege samdriftsfordeler mellom brann og teknisk drift.

Vedkommande brannstasjonen i Førde, så vert det sett i gong eit forprosjekt hausten 2021. Dette for å m.a. greie ut lokalisering av eventuell ny brann stasjon med tanke på å støtte Arbeidstilsynet sine krav.

5.3.24 Brann: utstyr, brannbil, kommandobil

Brann og redning må skifte og oppdatere utstyr. Dette gjeld brannbil ved stasjonane og andre køyretøy.

5.3.25 Utstyr reinhald

Nye hallar i Sunnfjord krev nye maskiner for å kunne utføre effektivt og godt reinhald. Utover i planperioden vil løyving bli brukt til utskifting av utrangerte maskiner.

5.3.26 Rehabilitering bygg (detaljert plan)

Sunnfjord kommune disponerer 80 bygg på 139.000 m². Alle bygg er synfart og vurdert i tilstandsklassar. Det er estimert eit stort behov for oppgradering. Behova er kategorisert utifrå lovkrav (td. brannvern), universell utforming, skade på konstruksjon, lekkasje mv. For å oppgradere bygg i samsvar med kartlegginga må tiltaka finansierast i og etter planperioden.

5.3.27 ENØK – kommunale bygg

Alle bygg i Førde, Jølster, Naustdal og Gaular er kartlagt for enøkpotensiale. Kartlegging er naudsynt for tilskott frå ENOVA. Kommunen har energikostnader på 24 mil. kr. Tiltak skal bidra til reduserte energikostnader i innsparingsprosjektet.



5.3.28 Sande skule

Ulike rapportar og tilråding frå eininga Bygg- og eigedom er lagt til grunn for prioriteringane i økonomiplanen. Bygg og eigedom har utgreia fire ulike alternativ, frå rehabilitering til ny skule. Rehabilitering av skulen er stipulert til ca. 70 mill. kroner inkl. mva. og nybygg til 170 mill. kroner inkl. mva. I økonomiplanen er det samla sett av 125 mill. kroner inkl. mva. Tiltådinga som blir lagt til grunn for økonomiplanen er delvis rehabilitering og nybygg (alternativ 3). Alternativ 3 er stipulert til 156 mill. kroner inkl. mva. Byggetida vil vere på to år. For å få til ei slik utbygging, må midlane i økonomiplanen på 125 mill. kroner leggast til slutt i planperioden. Resterande sum på 31 mill. kroner må kome i neste planperiode i 2026.

5.3.29 Hafstad vidaregåande skule

Det er inngått intensjonsavtale mellom Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune om at Førde kommune skal kjøpe Hafstad vgs. Dette var ein viktig premis for sak om etablering av Førde vgs der studiespesialisering og yrkesretta utdanning er slått saman til ein ny skule på Indre Øyrane. Skulen skal stå ferdig i 2023. Ein premis som låg til grunn for kjøpet av Hafstad vgs var at kommunen då kan seie opp leigeavtalar der aktivitetseininga og vaksenopplæring og integrering er i dag. Desse einingane har pr. i dag ikkje behov for heile bygget. Det er nødvendig å starte eit arbeid i 2021 for å planlegge bruken av Hafstad vgs når den står ledig frå 2023.

5.3.30 Ny 4 avd. barnehage på Slåtten inkl. grunnerverv

Det er sett av 36 mill til bygging av ny barnehage ved Slåtten skule, som erstatning for Tusenfryd barnehage som ikkje er godkjent etter lov om miljøretta helsevern. Nærare utgreiing om bygging av ny barnehage vert gjort i samband med utarbeiding av plan for framtidig bruk av barnehagane i Sunnfjord kommune.

5.3.31 Svømmeanlegg Førdehuset

Prosjektet vert delvis finansiert med spelemidlar. Det er avsett 83 mill.kr til bygging av nytt svømmeanlegg ved Førdehuset i år 2024. I tillegg legg ein til grunn spelemidlar på ca 33 mill. kr. Dette er i samsvar med tidlegare handsaming.

5.3.32 Friskhuset Naustdal

Investeringa dekkar lokale til helsefunksjonar og open omsorg i Naustdal. Utbygginga er planlagt med ombygging/rehabilitering av kommunehuset i år 2020 og 2023.

5.3.33 Astruptunet – Visningscenter

Det er eit mål å kunne ta i mot fleire besøkande ved Astruptunet. Sunnfjord kommune ynskjer å legge forholda betre til rette for å vise fram Nikolai Astrup sin kunst i og rundt tunet, med betra tilkomstveg, parkering, og eit mindre visningscenter. Prosjektet føreset ekstern deltaking for å kunne finansiere prosjektet. I økonomiplanen er det sett av 12 mill. kr. som Sunnfjord kommune sin del i visningscenteret. Andre kjelder til finansiering er fylkesmidlar, private gåver mv. I tillegg jobbar Sunnfjord kommune med å rehabiliterare hagen og bygga i Astruptunet. Dette arbeidet er finansiert av Sparebankstiftelsen DNB.

5.3.34 Gamlebanken (Førde)

Det vert starta renovering av Gamlebanken i år 2021.

5.3.35 Kommunale vegar (detaljert plan)

Sunnfjord kommune har eit utdatert vegnett og dyr drift på deler av strekningane. Løyving til veg vil bli prioritert til asfaltering og utbetring av vegnettet for å spare driftsmidlar.

Kommunen har 100 km veg utan fast dekke av totalt 300 km kommunal veg. Ein mindre del av investeringssummen vil bli nytta til utstyr. Løyvinga er naudsynt for å redusere meirforbruk frå tidlegare år og manglande oppfølging av kommunale vegar.

5.3.36 Trafikktryggleiksplan (eigenandel)

Løyvinga gjeld eigenandel til fylkeskommunal utbetring av trafikkfarleg punkt. Kommunen vil søke medverknad med skular, barnehagar og grendelag om viktige prosjekt. Årleg vil trafikktryggleiksplan bli lagt fram til politisk handsaming.

5.3.37 Teknisk drift: Maskiner og utstyr

Det er kontinuerleg behov for utskifting av anleggsmaskiner, bilar og verktøy/maskiner. Dette er midlar avsett til slikt føremål.

5.3.38 Helgåsvegen (Naustdal)

Helgåsvegen skal rustast opp for å kunne fornye VA og legge grunnlag for vidare utbygging av byggefeltet aust for Naustdal sentrum. Det er inngått utbyggingsavtale i samband med vidare utbygging i området.

5.3.39 Sunnfjord næringspark/sal av tomter Sunnfjord næringspark

Tidlegare Førde kommune har bygd ut areal K1 i Sunnfjord Næringspark. Deler av arealet er selt. Det er regulert 3 felt i tidlegare Jølster kommune som det må setjast av pengar til å ferdigstille. Beløp i tabell er henta frå økonomiplanen til tidlegare Jølster kommune. Det må først takast stilling til om området skal byggast ut i eigen regi.

5.3.40 Tiltaksplan VAO

Høg forsyningstryggleik av vatn er avhengig av fleire fysiske og tekniske funksjonar som sanering av gamle nett, reservekapasitet og hygienetiltak. Det er laga ein plan over alle tiltaka innan VA der dei enkelte prosjekta er prioritert. Handlingsreglen gjer at det ikkje er rom til å dekke investeringsbehova med lånemidlar.

5.3.41 Eigenandel til sykkelparkeringsprosjekt

Eigenandel i prosjekter som er forankra i sykkelstrategi for Førde sentrum.

Vedlegg

Hovudoversikter

Økonomisk oversikt - drift §5-6	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Driftsinntekter						
1 Rammetilskudd	761 751 723	722 403 000	718 498 000	721 317 000	727 636 000	732 741 000
2 Inntekts- og formuesskatt	630 394 155	707 147 000	708 705 000	708 705 000	708 705 000	708 705 000
3 Eiendomsskatt	73 477 311	78 300 000	78 300 000	78 300 000	78 300 000	78 300 000
4 Andre skatteinntekter	6 160 287	-	-	-	-	-
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	74 563 642	58 325 000	58 325 000	58 325 000	58 325 000	58 325 000
6 Overføringer og tilskudd fra andre	309 223 773	174 583 989	176 188 988	176 188 988	176 188 988	176 188 988
7 Brukerbetaling	75 165 659	80 858 723	80 858 723	80 858 723	80 858 723	80 858 723
8 Salgs- og leieinntekter	186 598 489	157 503 355	157 503 262	157 503 262	157 503 262	157 503 262
9 Sum driftsinntekter	2 117 335 040	1 979 121 067	1 978 378 973	1 981 197 973	1 987 516 973	1 992 621 973
Driftsutgifter						
10 Lønnsutgifter	1 111 705 362	1 060 629 264	1 062 166 850	1 060 629 264	1 060 629 264	1 060 629 264
11 Sosiale utgifter	251 242 095	275 435 986	275 898 305	275 435 891	275 435 891	275 435 891
12 Kjøp av varer og tjenester	499 001 605	420 078 829	409 181 040	405 259 040	402 387 040	403 503 040
13 Overføringer og tilskudd til andre	143 223 273	105 278 778	105 548 778	105 278 778	105 278 778	105 278 778
15 Sum driftsutgifter	2 005 172 336	1 861 422 857	1 852 794 973	1 846 602 973	1 843 730 973	1 844 846 973
16 Brutto driftsresultat	112 162 704	117 698 210	125 584 000	134 595 000	143 786 000	147 775 000
Finansinntekter						
17 Renteinntekter	9 068 188	14 730 000	11 230 000	12 311 000	13 342 000	14 328 000
18 Utbytter	18 080 099	25 502 840	28 573 000	25 803 000	25 803 000	25 803 000
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	11 412 433	7 498 000	12 565 000	12 803 000	13 057 000	13 327 000
20 Renteutgifter	42 755 793	47 203 765	44 204 000	49 449 000	54 694 000	59 939 000
21 Avdrag på lån	94 661 431	95 000 000	95 000 000	95 000 000	95 000 000	95 000 000
22 Netto finansutgifter	- 98 856 505	- 94 472 925	- 86 836 000	- 93 532 000	- 97 492 000	- 101 481 000
24 Netto driftsresultat	13 306 199	23 225 285	38 748 000	41 063 000	46 294 000	46 294 000
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:						
25 Overføring til investering	- 53 827 330	- 24 830 000	- 38 748 000	- 41 063 000	- 46 294 000	- 46 294 000
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne drif	- 450 544	1 604 715	-	-	-	-
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjon	6 573 892	-	-	-	-	-
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	34 397 783	-	-	-	-	-
28 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-	-	-
29 Sum disponeringer eller dekning av netto drift	- 13 306 199	- 23 225 285	- 38 748 000	- 41 063 000	- 46 294 000	- 46 294 000
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-	-	-

Bevilgningsoversikt - drift (budsjett) § 5-4, 1. ledd	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
1 Rammetilskudd	761 751 723	722 403 000	718 498 000	721 317 000	727 636 000	732 741 000
2 Inntekts- og formuesskatt	630 394 155	707 147 000	708 705 000	708 705 000	708 705 000	708 705 000
3 Eiendomsskatt	73 477 311	78 300 000	78 300 000	78 300 000	78 300 000	78 300 000
4 Andre generelle driftsinntekter	42 155 100	45 760 000	45 760 000	45 760 000	45 760 000	45 760 000
5 Sum generelle driftsinntekter	1 507 778 289	1 553 610 000	1 551 263 000	1 554 082 000	1 560 401 000	1 565 506 000
6 Sum bevilgninger drift, netto	1 395 615 585	1 435 911 790	1 425 679 000	1 419 487 000	1 416 615 000	1 417 731 000
8 Sum netto driftsutgifter	1 395 615 585	1 435 911 790	1 425 679 000	1 419 487 000	1 416 615 000	1 417 731 000
9 Brutto driftsresultat	112 162 704	117 698 210	125 584 000	134 595 000	143 786 000	147 775 000
10 Renteinntekter	9 068 188	14 730 000	11 230 000	12 311 000	13 342 000	14 328 000
11 Utbytter	18 080 099	25 502 840	28 573 000	25 803 000	25 803 000	25 803 000
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	11 412 433	7 498 000	12 565 000	12 803 000	13 057 000	13 327 000
13 Renteutgifter	42 755 793	47 203 765	44 204 000	49 449 000	54 694 000	59 939 000
14 Avdrag på lån	94 661 431	95 000 000	95 000 000	95 000 000	95 000 000	95 000 000
15 Netto finansutgifter	- 98 856 505	- 94 472 925	- 86 836 000	- 93 532 000	- 97 492 000	- 101 481 000
17 Netto driftsresultat	13 306 199	23 225 285	38 748 000	41 063 000	46 294 000	46 294 000
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
18 Overføring til investering	- 53 827 330	- 24 830 000	- 38 748 000	- 41 063 000	- 46 294 000	- 46 294 000
19 Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	- 450 544	1 604 715	-	-	-	-
20 Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	40 971 675	-	-	-	-	-
21 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-	-	-
22 Sum disponeringer eller dekning av netto drift	- 13 306 199	- 23 225 285	- 38 748 000	- 41 063 000	- 46 294 000	- 46 294 000
23 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-	-	-

Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap), §5-5, 1. ledd	Regnskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
1 Investeringer i varige driftsmidler	247 636 219	174 324 000	175 080 700	263 845 000	216 470 000	194 700 000
2 Tilskudd til andres investeringer	1 046 545	-	-	-	-	-
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	6 494 028	4 500 000	4 600 000	4 700 000	4 800 000	4 900 000
4 Utlån av egne midler	530 000	-	-	-	-	-
5 Avdrag på lån	1 696 172	-	-	-	-	-
6 Sum investeringsutgifter	257 402 964	178 824 000	179 680 700	268 545 000	221 270 000	199 600 000
7 Kompensasjon for merverdiavgift	36 398 638	23 494 000	20 770 700	23 049 000	39 624 000	34 540 000
8 Tilskudd fra andre	83 934 897	2 500 000	6 106 000	10 417 000	41 336 000	24 750 000
9 Salg av varige driftsmidler	22 095 438	33 000 000	20 000 000	-	-	-
10 Salg av finansielle anleggsmidler	2 902 000	-	-	-	-	-
11 Utdeling fra selskaper	-	-	-	-	-	-
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	3 134 000	-	-	-	-	-
13 Bruk av lån	88 125 807	95 000 000	94 016 000	194 016 000	94 016 000	94 016 000
14 Sum investeringsinntekter	236 590 778	153 994 000	140 892 700	227 482 000	174 976 000	153 306 000
15 Videreutlån	59 343 933	60 000 000	60 000 000	60 000 000	60 000 000	60 000 000
16 Bruk av lån til videreutlån	59 836 672	60 000 000	60 000 000	60 000 000	60 000 000	60 000 000
17 Avdrag på lån til videreutlån	22 000 256	-	-	-	-	-
18 Mottatte avdrag på videreutlån	18 919 185	-	-	-	-	-
19 Netto utgifter videreutlån	2 588 332	-	-	-	-	-
20 Overføring fra drift	53 827 330	24 830 000	38 748 000	41 063 000	46 294 000	46 294 000
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne inve	- 15 585 446	-	-	-	-	-
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet inv	- 9 669 203	-	40 000	-	-	-
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	- 5 172 163	-	-	-	-	-
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	23 400 518	24 830 000	38 788 000	41 063 000	46 294 000	46 294 000
25 Fremført til inndekning i senere år(udekket bel	0	0	0	0	0	0

Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap), §5-5, 2. ledd	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	
110001	IKT investering (overordna)	0	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
110002	Eigenkapitalinnskot KLP	4 500 000	4 600 000	4 700 000	4 800 000	4 900 000
110003	Førdepakken	28 000 000	28 000 000	28 000 000	1 350 000	0
110026	Sunnfjord kyrkjelege fellestråd (overordna prosjekt)	3 309 000	4 145 700	3 333 000	4 524 000	4 425 000
120009	Uteområde ved skular	0	3 500 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000
120010	Fornyng av lærebøker i samband med LK20	0	500 000	500 000	500 000	500 000
130001	IKT investering barnehage	450 000	350 000	350 000	350 000	350 000
130003	Vedlikehald av barnehagane sine uteområde	0	100 000	100 000	100 000	100 000
140005	Uskifting PC park	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000
140006	Digitalisering, diverse utstyr Helse og sosial	0	300 000	0	100 000	0
140007	Kjøp av 2 rusbustadar og tomt til minihus	0	4 000 000	0	0	5 000 000
140008	Fornyng inventar inkl. Husstelfagskule	0	300 000	0	0	0
150004	Pasientvarslingssystem/låsesystem - oppgradering	2 500 000	0	0	0	0
150005	Datautstyr, oppgradering pcar og trådløst nett	300 000	100 000	125 000	125 000	125 000
150006	Hjelpemiddel, sengar og nattbord	100 000	200 000	100 000	100 000	100 000
150007	Inventar og utstyr	100 000	200 000	100 000	100 000	100 000
160018	Skifte utstyr, kino Førde	2 760 000	0	0	0	0
160019	Mulighetsstudie av Førdehuset, 3-D-modell	500 000	0	0	0	0
160020	Folkemusikkinstrument - inntekter i drift på utleige	300 000	305 000	605 000	0	0
160021	Førde bibliotek - oppgradering, utvikling og meirope	0	1 730 000	0	0	0
160022	Utskifting av lys i idrettshall - Førdehuset	0	1 570 000	0	0	0
160029	Garasjebygg og toalett Hafstadparken	0	3 125 000	0	0	0
170003	BEF, Bygstad idretts - og fritidspark (GA 3133)	13 505 000	0	0	0	0
170008	BEF, Enøk tiltak	6 500 000	0	0	0	0
170011	Eigenandel sykkelparkeringsprosjekt	125 000	125 000	125 000	125 000	0
170012	Eigenandel trafikktryggleikstiltak	4 375 000	3 750 000	3 750 000	3 750 000	3 750 000
170017	Maskiner og utstyr teknisk drift	1 250 000	1 250 000	1 250 000	1 250 000	1 250 000
170018	Sunnfjord Næringspark	20 000 000	20 000 000	0	0	0
170022	Vatn overordna prosjekt	7 000 000	8 500 000	8 500 000	8 500 000	8 500 000
170023	Avløp overordna prosjekt	7 000 000	8 500 000	8 500 000	8 500 000	8 500 000
170024	Ny svømmehall Førdehuset	0	0	0	83 000 000	0
170025	BEF, rehabilitering Sande skule	15 000 000	0	11 500 000	33 450 000	65 050 000
170027	BEF, Friskhus	0	18 050 000	30 550 000	0	0
170045	Rehabilitering av hus og hage i Astruptunet	0	2 200 000	3 600 000	0	0
170153	Gamlebanken - opprusting og vidare bruk	0	3 000 000	0	0	0
170165	Sikring mot naturfare	1 000 000	1 000 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
170166	Brannstasjon/teknisk drift - Skei og forprosjekt Førde	6 000 000	9 700 000	0	0	0
170167	Golmaskin, moppevasker, anna reinhald	1 250 000	200 000	200 000	200 000	200 000
170168	Rehabilitering bygg - Overordna prosjekt	6 000 000	10 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000
170169	BEF, Ny 4 avd barnehage på Slåtten inkl. grunnkjøp	36 000 000	0	0	0	0
170171	BEF, Prosjektering nytt symjebasseng Førdehuset	2 000 000	0	0	0	0
170172	Kommunale vegar (Overordna prosjekt)	6 500 000	8 580 000	7 250 000	7 250 000	7 250 000
170176	Påbygging / ombygging (omfattande liste, Omsorg)	0	10 000 000	0	0	0
170177	Brann - bygg, utstyr, brannbil, kommandobil	0	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
170178	Uteareal / parkering Friskhus Naustdal	0	12 600 000	0	0	0
170179	Butiltak Psykisk helse, 10 omsorgsbustder	0	200 000	23 807 000	0	0
170180	Intensjonsavtale om kjøp av Hafstad vgs	0	0	100 000 000	0	0
170181	Helgåsvegen (øk plan 2023 - 2024)	0	0	5 600 000	4 400 000	0
170182	Kapasitetsutviding bustad eldre	0	0	0	26 796 000	0
170183	Astruptunet - visningssenter	0	0	0	0	34 500 000
170192	Div. ombygging legekantor Sande, Fysio/ergoterapi, Psykisk helse og ru	2 300 000	0	0	0	0
170209	Riving/modernisering av pensjonistheimen	0	0	0	0	5 000 000
170210	Oppgradering av Førdehuset	0	0	0	6 000 000	9 000 000
170211	ENØK - Kommunale bygg	0	6 000 000	6 000 000	6 000 000	6 000 000
170212	Førde barneskule	0	0	0	0	15 000 000
170213	Miljø: Klimaomstillingsplan (øk-plan)	0	300 000	300 000	300 000	300 000
	Sum investering i varige driftsmidlar, aksjar og andelar, tilskot til andre sine investeringar og utlån av egne midlar	178 824 000	179 680 700	268 545 000	221 270 000	199 600 000

Vedlegg

Skriv frå kyrkjeleg fellestråd om behov drift og investering

Referat frå drøftingsmøte med HTV/HVO

Klimabudsjett

